



Trygderetten

Årsrapport

2024

13.03.2025



Postadresse

Postboks 4724 Nydalen
0421 Oslo

Besøksadresse

Sandakerveien 130
0484 Oslo

Kontakt

post@trygderetten.no
Sentralbord: 23 15 95 59

Org.nr.

974 761 084

Innhald

1	Leiaren har ordet	4
2	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
2.1	Om Trygderetten	6
2.2	Mål og prioriteringar	6
2.3	Organisasjon og leing	7
2.3.1	Talet på tilsette og forbrukte årsverk.....	9
2.3.2	Likestilling	10
2.3.3	Sjukefråvær	11
2.3.4	Rekruttering	11
2.3.5	Arbeidsmiljø	11
2.4	Nøkkeltal for 2024	12
3	Aktivitetar og hovudtal	14
3.1	Styringsparametrar	14
3.1.1	Redusert saksbehandlingstid	14
3.1.2	Nedbygging av restansar	15
3.2	Rapporteringskrav.....	15
3.2.1	Talet på mottekne ankesaker frå ankemotpartane	15
3.2.2	Talet på behandla ankesaker (saksproduksjon)	17
3.2.3	Talet på ubehandla ankesaker (saksbeholdning per 31.12.)	18
3.2.4	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar.....	19
3.2.5	Prosentdelen saker som er avgjorde innan høvesvis seks, ni og tolv månader.....	20
3.2.6	Talet på saker med behandlingstid på meir enn tolv månader	20
3.2.7	Prosentdelen forenkla grunngitte orskurdar (jf. trygderettslova § 21 tredje ledd)	21
3.2.8	Talet på saker som er avgjorde ved munnleg saksbehandling.....	21
3.2.9	Saker som er avgjorde med tre eller fem medlemmer, jf. trygderettslova § 7 sjette ledd	22
3.2.10	Utfallet av ankebehandlinga rapportert som gunstprosent.....	22
3.2.11	Samarbeidet med andre verksemder i klage- og ankesakskjeda	24
3.2.12	Restanseprosjektet.....	24
3.2.13	Tiltak for å sikre nødvendig bemanning og kompetanse	24
3.2.14	Tiltak for å effektivisere saksbehandlingsprosessar og satsing på digitale løysingar.....	26
3.2.15	Effekten av tidlegare effektiviseringstiltak og omstillingsaktivitetar	26
3.2.16	Oppfølginga av NOU 2023: 11 og tiltak som er sette i verk for å auke produksjonen	27
3.3	Fellesføringar for 2024	28
3.3.1	Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk	28
3.3.2	Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing	28
3.3.3	Redusere konsulentbruken.....	29
4	Styring og kontroll av verksemda.....	31
4.1	Internkontroll	31

4.2	Risikovurdering	32
4.3	Beredskap	32
4.4	Digital tryggleik	32
4.5	Kommunikasjon	33
4.6	Økonomi	33
4.7	Innkjøp	33
5	Vurdering av framtidsutsikter	36
6	Årsrekneskap	39
6.1	Leiingskommentar til årsrekneskapen 2024	39
6.2	Stadfesting	39
6.3	Vesentlege forhold ved årsrekneskapen	39
	Andre driftskostnader	41
	Revisjonsordning	42
	Prinsippnote til rekneskapen – løyving- og artskontorrapportering	43
6.4	Oppstilling av løyvingrapporteringa per 31. desember 2024	44
6.5	Oppstilling av artskontorrapporteringa per 31. desember 2024	45
6.6	Resultatrekneskap	49
6.7	Balanse	50
7	Vedlegg:	59
7.1	Avsagde femmedlemsorskurdar i 2024	59
7.2	Avsagde tremedlemsorskurdar i 2024	64
7.3	Statistikk 2015–2024	68
7.4	Tilstandsrapportering om aktivitets- og utgreiingsplikta	69
8	Melding frå Riksrevisjonen	73

Framsidefoto: [unsplash.com / Mahdi T](https://unsplash.com/photos/MAhdiT)

Nynorsk omsetjing: Språkverkstaden

1 Leiaren har ordet

2024 har vore eit godt år for Trygderetten.

Vi har behandla 4918 ankesaker. Saksbeholdninga er redusert frå 2505 saker ved starten av året til 1448 saker ved slutten av året. Sakene i beholdninga er dessutan blitt vesentleg yngre. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 398 dagar ved utgangen av 2023 og 211 dagar ved utgangen av 2024. Vi har dermed redusert den gjennomsnittlege saksbehandlingstida med seks månader.

Dei gode resultata kjem av fleire samverkande forhold. Først og fremst vil eg framheve alle dei dyktige medarbeidarane i Trygderetten og arbeidsinnsatsen deira. Vi har fått til ei god styring av verksemda ved tett oppfølging av saksavviklinga på individ-, avdelings- og verksemdsnivå og godt samarbeid med Nav klageinstans. Det er gjennomført fleire felles saksavviklingsprosjekt der formålet har vore å redusere saksbehandlingstida i klage- og ankesakskjeda og leggje til rette for ei eventuell innføring av direkte anke.

Resultata er også ein konsekvens av utanforliggjande forhold. Saksinngangen har vore lågare enn venta, og Trygderetten har fått midlar til å forlengje restanseprosjektet. Vi har innfridd styringsparametrane om kortare saksbehandlingstid og nedbygging av restansar med god margin. Vi har avsaft 16 prinsipielle orskurdar.

I tillegg til ankesaksbehandlinga har oppfølginga av *NOU 2023: 11 Raskt og riktig* hatt stor merksemd i år. Einedommarsaker blei innført frå 1. juli. Etter dette tidspunktet er omtrent 50 prosent av alle orskurdane blitt avsaft med éin rettsmedlem. Det er tilsett tre saksbehandlarar som skal avlaste administratorar i ankesakbehandlinga, noko à la saksbehandlararane i tingrettane.

Trygderetten har dessutan skaffa og starta innføringa av eit nytt saks- og arkivsystem som vi skal ta i bruk i første halvår 2025. Vi har utforma ein ny kompetanseplan og ein kommunikasjonsstrategi, begge med mål om å styrkje organisasjonen og bidra til at vi innfrir samfunnsoppdraget vårt.

13. mars 2025



leiar av Trygderetten





2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Om Trygderetten

Trygderetten blei oppretta ved lov i 1967, same året som folketrygdlova blei sett i kraft. Trygderetten er eit domstolliknande og uavhengig forvaltingsorgan som tek avgjerder om kva rettar enkeltpersonar har til pensjon og trygd. Sakene gjeld rettar og plikter etter lov om folketrygd, lov om barnetrygd og lov om krigspensjon for militærpersonar, og offentlege tenestepensjonsordningar. I realiteten fungerer Trygderetten som ein særdomstol, sjølv om han ikkje er ein del av det ordinære domstolsapparatet. Orskurdane frå Trygderetten kan bringast inn for dei alminnelege domstolane med lagmannsretten som første instans.

Sakene vi behandlar, er ofte svært viktige for velferda til den enkelte. I eit rettstryggleiksperspektiv er det derfor viktig at vi avgjer sakene innan rimeleg tid og på ein forsvarleg og tillitvekkjande måte.

Trygderetten kan ikkje instruerast av noko anna organ om avgjerdene, og leiaren av Trygderetten kan ikkje instruere retten i enkeltsaker, slik det same gjeld for domstolane. Mange av saksbehandlingsreglane er dei same som for vanleg rettargang.

Vi er administrativt organiserte under Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID), som gir styringssignal gjennom instruks, årlege tildelingsbrev og etatsstyringsmøte.

2.2 Mål og prioriteringar

I tildelingsbrevet for 2024 er styringsparametrane til Trygderetten å redusere talet på ubehandla ankesaker og redusere saksbehandlingstida.

Trygderetten skal vidare rapportere til departementet om

- talet på mottekne ankesaker frå ankemotpartane
- talet på behandla ankesaker (saksproduksjon)
- talet på ubehandla ankesaker
- gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar
- prosentdelen saker som er avgjorde innanfor høvesvis seks, ni og tolv månader
- talet på saker med behandlingstid på meir enn tolv månader
- prosentdelen forenkla grunngitte orskurdar (jf. trygderettslova § 21 tredje ledd)
- talet på saker som er avgjorde ved munnleg saksbehandling
- saker som er avgjorde med høvesvis fem medlemmer og tre medlemmer etter trygderettslova § 7 andre ledd bokstav d i løpet av året
- utfallet av ankebehandlinga rapportert som gunstprosent (det skal rapporterast særleg på utfallet av saker som gjeld uføreytingar og arbeidsavklaringspengar, AAP)
- beskriving og vurdering av samarbeidet med andre verksemder i klage- og ankesakskjeda, inkludert oppnådde resultat og eventuelle utfordringar
- status for restanseprosjektet, inkludert innretning av prosjekt og kontinuerlege produksjonsresultat
- tiltak for å sikre nødvendig bemanning og kompetanse til kvar tid
- tiltak for å effektivisere saksbehandlingsprosessar og satsing på digitale løysingar, inkludert innføring av nytt saks- og arkivsystem
- effekten av tidlegare effektiviseringstiltak og omstillingsaktivitetar
- oppfølginga av *NOU 2023: 11*, inkludert tiltak som er sette i verk for å auke produksjonen

Det er også gitt følgjande fellesføringar for 2024:

- systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk
- positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing
- bruk av konsulentstøtte

2.3 Organisasjon og leiing

Leiaren av Trygderetten og dei faste rettsmedlemmene blir utnemnde av Kongen i statsråd. Rettsmedlemmene har kompetanse innanfor juss, medisin eller attføring. Vi har også rettsfullmektigar som blir tilsette av leiaren av Trygderetten i ein åremålsperiode på inntil tre år, med høve til forlenging i to år til.

Rettsfullmektigane utfører tilsvarande oppgåver som etter lova er lagde til dei jusskunnige rettsmedlemmene i Trygderetten.



Rettsfullmektigane i Trygderetten sommaren 2024.


Trygderetten er delt inn i fire fagavdelingar og ei administrasjonsavdeling. Fagavdelingane omfattar juss-, medisin- og attføringskunnige rettsmedlemmer i tillegg til rettsfullmektigar. Alle fagavdelingane behandlar same type ankesaker.

Administrasjonsavdelinga gir støttefunksjonar til fagavdelingane og har ansvar for HR-funksjonar, lønn og økonomi, IT og systemforvaltning, intern og ekstern kommunikasjon, saksflyten i Trygderetten og saks- og arkivsystemet vårt.

Hausten 2024 gjennomførte vi nokre endringar i administrasjonsavdelinga. Eit av tiltaka for å følge opp *NOU 2023: 11 Raskt og riktig* var å tilsetje tre nye saksbehandlarar. Dei skal mellom anna delta i prosjekt saman med administratorar for å utforske nye samarbeidsformer og avlaste administratorane under behandlinga av ankesakene. Om vi på sikt vil få anke direkte til oss, vil vi allereie ha tileigna oss ei arbeidsform som er meir i tråd med dei alminnelege domstolane.

I tillegg blei det gjort eit leiarbyte. Den tidlegare administrasjonsdirektøren blei fagdirektør i stab med mellom anna ansvar for økonomistyring, rapportering, systemforvaltning og datatryggleik. Den tidlegare direktøren for HR og organisasjonsutvikling tok over leiinga av administrasjonsavdelinga. Ho har med dette ansvar for sitt tidlegare ansvarsområde, i tillegg til funksjonane i administrasjonsavdelinga som ikkje ligg til fagdirektørstillinga.

ORGANISASJONSKART



2.3.1 Talet på tilsette og forbrukte årsverk

TALET PÅ TILSETTE PER 31.12.	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på tilsette 01.01.	72	70	64	80	72
Talet på tilsette 31.12.*	70	67	79	75	67
Netto endring	-2	-3	15	-5	-5

* 1 tilsett var i permisjon per 31.12.2024.

TALET PÅ TILSETTE PER 31.12.	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på tilsette rettsfullmektigar	13	9	15	14	13
Talet på tilsette rettsmedlemmer – juristar	24	20	28	29	28
Talet på tilsette rettsmedlemmer – fagkunnige	13	19	18	16	15
Talet på tilsette i administrasjonen	20	19	18	16	11
Talet på tilsette totalt	70	67	79	75	67
TALET PÅ ÅRSVERK*	2020	2021	2022	2023	2024
Årsverk rettsfullmektigar	13,4	10,9	11,9	13,1	13,2
Årsverk rettsmedlemmer – juristar	20,1	20,4	23,9	25,3	25,8
Årsverk rettsmedlemmer – fagkunnige	10,8	15,3	16,5	15,5	14,5
Årsverk i administrasjonen	18,6	16,7	16,1	13,0	12,1
Forbrukte årsverk	62,9	63,3	68,5	66,9	65,6

* Utførte årsverk, jf. PM-2019-13.

Talet på fagkunnige rettsmedlemmer har variert etter 2020. Bemanninga auka frå 2020–2022 og blei redusert med to årsverk i 2023–2024. To fagkunnige rettsmedlemmer som er gått av med alderspensjon, er ikkje blitt erstatta. Grunnen til at bemanninga auka, var at kapasiteten hadde vore for låg, samtidig som vi fekk inn mange sjukdomsrelaterte ankar. Det blei lengre saksbehandlingstid på dei sjukdomsrelaterte sakene enn på dei reine juridiske sakene. Vi fekk derfor øyremerkte midlar og ei alminneleg budsjettstyrking til å redusere restansane av fagkunnigsaker. Prognosane tilsa også at den høge prosentdelen fagkunnigsaker ville vare ved framover i tid.

Auka bemanning og ein inngang av fagkunningsaker som blei lågare enn prognosane tilsa, har gjort at restansane har blitt nedarbeidde raskare enn venta. Derfor er fagkunnigbemanninga redusert i 2023 og 2024. Det er ikkje lenger ulik saksbehandlingstid for juristsaker og fagkunningsaker. I tillegg er det innført einedommarsaker som også kan påverke det framtidige behovet for fagkunnigressursar.

Talet på juristårsverk har i same femårsperiode auka. Talet på rettsfullmektigar har vore stabilt, mens talet på faste og konstituerte rettsmedlemmer er auka. Trygderetten fekk i 2023 ekstra budsjettmidlar til å etablere eit restanseprosjekt, og desse midlane er førte vidare for 2024.

2.3.2 Likestilling

KJØNNSFORDELING TOTALT	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinner	41	41	48	47	40
Menn	29	26	31	28	27

Av dei tilsette i Trygderetten er 60 prosent kvinner og 40 prosent menn. Kjønnsfordelinga har lege på omtrent same nivå dei siste åra.

KJØNNSFORDELING I LEIARGRUPPA	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinner	3	3	4	5	5
Menn	3	3	3	2	1

Leiargruppa i Trygderetten er sett saman av seks medlemmer ved utgangen av 2024, fem kvinner og éin mann. Fagdirektøren i stab er ikkje medlem av leiargruppa.



Leiargruppa i Trygderetten sommaren 2024.

2.3.3 Sjukefråvær

SJUKEFRÅVÆR I PROSENT	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	2,9 %	4,0 %	4,1 %	4,9 %	3,4 %

Det samla sjukefråværet var på 3,4 prosent i 2024. Det er 1,5 prosentpoeng lågare enn i 2023 og også noko lågare enn gjennomsnittet dei siste fem åra. Trygderetten følgjer opp medarbeidarar med sjukefråvær tett for å leggje til rette arbeidskvarden best mogleg for den enkelte.

2.3.4 Rekruttering

I 2024 har vi rekruttert tre medarbeidarar i faste stillingar som saksbehandlarar i administrasjonsavdelinga. I tillegg har vi rekruttert fem konstituerte rettsmedlemmer og åtte rettsfullmektigar på åremål, til saman 13 juristar. Desse tiltrer i 2025. Fire rettsfullmektigar som blei rekrutterte i 2023, begynte i 2024. 13 medarbeidarar slutta i Trygderetten i 2024 – fire av dei gjekk av med pensjon, og ni fekk nye stillingar utanfor Trygderetten.



Dei tilsette i Trygderetten på internseminar på Støtvig i juni 2024.

2.3.5 Arbeidsmiljø

Trygderetten skal vere ein arbeidsplass med godt arbeidsmiljø og utfordrande og meningsfylte oppgåver for dei tilsette. Dei tilsette ved representantane deira skal bli tekne med på råd når det gjeld framtida og utviklinga til Trygderetten.

I strategiplanen for 2023–2025 har vi valt som mål å vere «ein trygderett med same mål». I dette legg vi følgjande:

- Vi er opptekne av fellesskapet og har gode arenaer for samhandling, utvikling og forbetring.
- Vi er tydelege på kva som er forventa av oss, og jobbar for det same målet.
- Medarbeidarane våre har eigarskap til eigne arbeidsprosessar og jobbar med kontinuerleg forbetring.
- Vi har jamlege medarbeidarundersøkingar som blir følgde opp med forbetringstiltak.

Det er fastsett ein ny kompetanseplan i 2024. Kompetansebehovet for både medarbeidarar og leiarar vil bli vurdert kontinuerleg for å sikre at Trygderetten har den kompetansen som er nødvendig.

Det er fastsett ein kommunikasjonsstrategi som skal leggje til rette for god kommunikasjon internt og eksternt.

2.4 Nøkkeltal for 2024

TRYGDERETTEN	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på årsverk	62,9	63,3	68,5	66,9	65,6
Tildeling dette året	89 769 000	93 017 000	104 392 000	115 245 000	121 910 000
Overført frå i fjor	1 648 000	3 366 000	1 841 000	1 325 000	2 415 000
Samla tildeling post 01–99, kr	91 417 000	96 383 000	106 233 000	116 570 000	124 325 000
Utnyttingsgrad post 01–29 (%)	96	98	99	98	95
Driftskostnader i kr	88 117 940	94 541 614	104 908 445	114 154 989	118 222 877
Lønnsdel av driftskostnader (%)	79	77	79	79	78
Mindreutgift	3 299 060	1 841 386	1 324 555	2 415 011	6 102 123
Konsekvens av R-2/2021 av 22. januar 2021	66 631				
Mogleg overførbart til neste budsjett-termin	3 365 691	1 841 386	1 324 555	2 415 011	6 102 123
Lønnskostnader i tusen kr per årsverk	1 101	1 146	1 213	1 349	1 401



3 Aktivitetar og hovudtal

3.1 Styringsparametrar

Det går fram av tildelingsbrevet frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet datert 2. januar 2024 at styringsparametrane for Trygderetten i 2024 er å redusere saksbehandlingstida og redusere behaldninga av ubehandla ankesaker.

3.1.1 Redusert saksbehandlingstid

Trygderetten har sett inn fleire tiltak for å få saksbehandlingstida ned. Dette er tiltak som har auka produksjonen. Vi har gjennomført prosjekt med moderat spesialisering følgd opp produksjonen til den enkelte tett og i større grad utnytta det handlingsrommet trygderettslova gir for effektiv saksavvikling. Vi har sørgt for at det til kvar tid er nok administratorar og fagkunnige til å behandle ankesakene.

Tabellen viser endringane i den gjennomsnittlege saksbehandlingstida per år.

STYRINGSPARAMETER	
Frå 2020 til 2021	Auka med 110 dagar
Frå 2021 til 2022	Auka med 58 dagar
Frå 2022 til 2023	Redusert med 16 dagar
Frå 2023 til 2024	Redusert med 187 dagar

Vi har redusert saksbehandlingstida med 188 dagar i 2024, frå 398 til 211 dagar (om lag sju månader).

Vi er godt nøgde med å innfri styringsparameteren om redusert saksbehandlingstid. Vi veit at dette er viktig for brukarane våre. I tillegg er det ofte mindre ressurskrevjande å behandle «ferske» saker.

3.1.2 Nedbygging av restansar

Trygderetten har sett inn fleire tiltak for å byggje ned restansar. Også dette er tiltak for å auke produksjonen. Restanseprosjektet, som blei innført med eit uttalt mål om å byggje ned restansar, har oppnådd svært gode resultat også i 2024. I tillegg har saksinngangen vore relativt låg. Samla har god produksjon og noko lågare saksinngang enn venta gjort at restansebeholdninga er kraftig redusert.

Trygderetten gjekk inn i 2024 med ei beholdning på 2505 ubehandla ankesaker. Per 31. desember 2024 er beholdninga redusert med 1 057 saker, ein reduksjon på om lag 42 prosent.


Restansane til Trygderetten er nærmare omtalte i punkt 3.2.3 om saksbeholdninga.

STYRINGSPARAMETER	2020	2021	2022	2023	2024
Endring i saksbeholdning ved årsslutt	847	1074	-180	-2 141	-1 057

Trygderetten har dei siste to åra totalt redusert saksbeholdninga med 3 198 ankar, og vi er godt nøgde med å innfri styringsparameteren om redusert saksbeholdning. Vi ser no at vi kan innfri eit eventuelt krav om seks månaders gjennomsnittleg saksbehandlingstid, og at porteføljen vår vil vere mogleg å handtere også ved direkte anke.

3.2 Rapporteringskrav

3.2.1 Talet på mottekne ankesaker frå ankemotpartane



Trygderetten fekk inn 3 861 ankesaker i 2024. Dette er ein auke på 24 prosent frå året før. Prognosane vi fekk frå Nav i februar 2024, tilsa ein saksinngang for året på 3 180 saker. Prognosane blei auka til 4 093 saker etter prognosemøte med Nav i september. Saksinngangen er omtrent på høgde med gjennomsnittet for dei siste fem åra.

ANKEMOTPART	2020	2021	2022	2023	2024
Nav	3 775	4 313	3 615	2 862	3 603
Helfo/Helseklage	131	67	49	42	38
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	51	39	29	48	48
Andre kommunale kassar	–	–	21	23	0
Statens pensjonskasse (SPK)	117	129	131	129	154
Andre*	77	115	89	4	18
Totalt	4 151	4 663	3 934	3 108	3 861


Som i tidlegare år er Nav klageinstans den største ankemotparten til Trygderetten og står for om lag 93 prosent av den totale saksinngangen.

SAKSTYPAR	2020	2021	2022	2023	2024
Dagpengar	114	129	204	185	222
Sjukepengar	284	475	371	290	687
Arbeidsavklaringspengar	898	676	446	225	218
Yt. under med. rehabilitering	70	71	69	60	57
Grunn- og hjelpestønad	45	43	54	72	109
Einsleg forsørgjar	63	31	45	41	36
Pensjonsutrekning	14	26	10	10	13
Statens pensjonskasse			104	91	95
Yrkesskadar	347	594	329	263	347
Uføreytingar	1 123	1 379	1 180	924	1 030
Forvaltingsmessige føresegner			270	206	248
Barnetrygd			28	36	45
Saker etter trygderettslova			315	380	456
Svangerskap, fødsel og adopsjon			126	67	41
Stønad ved helsetenester			39	36	15
Medlemskap			58	40	33
Anna*	1 193	1 239	286	182	209
Sum	4 151	4 663	3 934	3 108	3 861

Uføreytingar er den klart største sakstypen og står for i underkant av 30 prosent av saksinngangen. Den største endringa i forhold til 2023 gjeld sjukepengar, som har ein auke på om lag 8 prosent. Bakgrunnen for dette er ein særskild innsats på dette området i Nav i første halvdel av 2024.

Talet på ankar over arbeidsavklaringspengar blir redusert kvart år i perioden og står i 2024 for om lag 6 prosent av ankane. Dette står i motsetnad til starten av femårsperioden, då arbeidsavklaringspengar stod for om lag 22 prosent av saksinngangen. Elles er fordelinga mellom dei enkelte ytingane relativt stabil.

3.2.2 Talet på behandla ankesaker (saksproduksjon)



Vi har i 2024 avsagt 4 918 orskurdar. Dette er 4,5 prosent færre enn toppnivået i 2023. Det interne målet vårt var 4 800 orskurdar i 2024. Vi innfridde målet. Det er også positivt å sjå at produksjonen blei omtrent slik vi hadde planlagt for.

Det interne målet for 2024 blei sett noko lågare enn total produksjon for 2023. Bakgrunnen for dette var mellom anna ei vurdering av at utviklingsarbeid, arbeid med innføring av nytt saks- og arkivsystem, endra arbeidsmåtar, arbeid med innføring av lovendringar og nyttilsetjingar ville redusere produksjonen per administrator. Vi ser at desse forholda slo til slik vi føresette.

Føresegna om samansetnaden av retten blei endra frå 1. juli 2024, slik at administratoren kan avgjere saker åleine. Trygderetten avsa 1 175 orskurdar med éin rettsmedlem i andre halvår 2024. Dette tilseier ein prosentdel på cirka 50 prosent av dei avsagde orskurdane i perioden. Einedommarsaker vil truleg gi høgare produksjon. For enkelte administratorar har det likevel kravd tilvenjing å arbeide på ein annan måte enn tidlegare.

Hausten 2024 starta arbeidet med å innføre eit nytt saks- og arkivsystem. Dette arbeidet har kravd både tid og ressursar frå rettsmedlemmene.

Til saman har vi nytta 65,6 årsverk i 2024. Av desse er 53,5 årsverk i dømmende verksemd (juristar og fagkunnige meddommarar). Årsverksforbruket i dømmende verksemd er 0,4 årsverk lågare enn i 2023.

ADMINISTRATORAR	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på produserte orskurdar	3 304	3 415	4 114	5 149	4 918
Talet på årsverk	33,5	31,3	35,9	38,4	38,9
Talet på Orskurdar per årsverk	99	109	115	134	126

FAGKUNNIGE	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på vurderingar	2 235	2 827	3 178	3 721	3 208
Talet på årsverk	10,8	15,3	16,5	15,9	14,5
Talet på vurderingar per årsverk	206	185	193	234	221

TALET PÅ EINEDOMMAR-ORSKURDAR	2020	2021	2022	2023	2024*
Talet på orskurdar med éin rettsmedlem					1 175
Prosentdel orskurdar med éin rettsmedlem					50,4 %


Kvart år utarbeider vi ein intern produksjonsplan for å planleggje og følgje opp produksjonen. Kvar fagavdeling hadde eit samla produksjonsmål, og kvar enkelt rettsmedlem hadde individuelt fastsette produksjonsmål for 2024.

Den høge produksjonen av orskurdar dei seinare åra må også sjåast i samanheng med effekten (heilårs- og delårsverknader) av dei løyvingsaukane vi har fått til rekruttering av fleire rettsmedlemmer i samband med at Stortinget behandla statsbudsjettet for 2022–2024, samtidig som talet på orskurdar per årsverk har vore høgare enn tidlegare år.

I 2024 har kvart administratorårsverk i gjennomsnitt produsert 126 orskurdar, og dette gir ein svak nedgang på om lag 6 prosent i forhold til 2023. Nedgangen skriv seg som nemnt truleg frå at administratorane har brukt meir tid på einedommarsaker i ein oppstartperiode, og at ressursar blei tekne ut av produksjon til utviklingsoppgåver.

I 2024 har dei fagkunnige rettsmedlemmene i gjennomsnitt hatt 221 vurderingar per årsverk. Dette kjem truleg av at sakstilfanget på sjukdomsrelaterte saker ikkje har vore like stort som tidlegare år.

3.2.3 Talet på ubehandla ankesaker (saksbeholdning per 31.12.)



Vi gjekk inn i 2024 med ei saksbeholdning på 2 505 ubehandla ankesaker. I 2024 er behaldninga vesentleg redusert, med cirka 42 prosent (1 057 ankesaker). Vi meiner det er realistisk å framleis byggje ned restansar i 2025.

Saksbeholdninga såg slik ut ved årsslutt i 2023 og 2024:

SAKSBEHALDNING I TRYGDERETTEN	31.12.2023	31.12.2024
Dagpengar	149	77
Sjukepengar	262	265
Arbeidsavklaringspengar	158	89
Ytingar under medisinsk rehabilitering	56	20
Grunn- og hjelpestønad	65	40
Einsleg forsørgjar	38	15
Pensjonsutrekning	8	4
Yrkesskadar	232	96
Uføreytingar	753	405
Andre sakstypar*	784	437
SUM	2 505	1 448

Vi har bygd ned restansane vesentleg dei siste åra, nærmare bestemt med 69 prosent frå 2022. Restansenedbygginga har, som tabellen ovanfor viser, gitt særleg tydelege endringar i behaldninga av sakstypane arbeidsavklaringspengar, yrkesskadar og uføreytingssaker i løpet av 2024.

Tabellen nedanfor viser alderen på saksbeholdninga ved utgangen av året. Om lag 17 prosent av saksbeholdninga er eldre enn seks månader. Berre 3 prosent er eldre enn eitt år. Den vesentlegaste delen av behaldninga er yngre enn seks månader. Saksbeholdninga er vesentleg redusert og er mykje «yngre» enn i føregåande år.

ALDER PÅ SAKSBEHALDNINGA	2020	2021	2022	2023	2024
<3 md.	1 102	1 063	928	736	728
3–6 md.	825	974	744	547	470
6–12 md.	1 279	1 905	1 668	967	213
>12 md.	546	884	1 306	255	37
SUM	3 752	4 826	4 646	2 505	1 448

3.2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar

GJENNOMSNI TTLEG SAKSBEHANDLINGSTID, alle saker	
Per 31.12.2020	246 dagar
Per 31.12.2021	356 dagar
Per 31.12.2022	414 dagar
Per 31.12.2023	398 dagar
Per 31.12.2024	211 dagar


Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på årsbasis er vesentleg redusert i 2024 – ho har gått ned med 187 dagar (6,2 md.).

3.2.5 Prosentdelen saker som er avgjorde innan høvesvis seks, ni og tolv månader

PROSENTDEL	2022	2023	2024
Innan 6 md. (<180)	11 %	10 %	45 %
Innan 9 md. (<270)	4 %	6 %	28 %
Innan 12 md. (<360)	6 %	18 %	18 %

I 2024 er 45 prosent av ankesakene avgjorde i løpet av seks månader, og ytterlegare 46 prosent er avgjorde i løpet av tolv månader. 9 prosent av ankesakene er avgjorde meir enn tolv månader etter at saka kom inn til Trygderetten. Dette er vesentleg framgang frå 2023. Fleire og fleire saker blir behandla innan rimeleg tid, og vi vil halde fram med å prioritere dei eldste sakene. Samtidig er det gode grunnar til at nokre saker blir liggjande. Dei kan til dømes vere sette på vent mens ein ventar på prinsipielle avgjerder eller avgjerder frå domstolane. I nokre tilfelle ber også den ankande parten om at saka blir sett på vent fordi vedkommande ventar på dokumentasjon.

3.2.6 Talet på saker med behandlingstid på meir enn tolv månader



Det er i 2024 avsagt 465 orskurdar med ei saksbehandlingstid på meir enn tolv månader. Dette gjer at om lag 9 prosent av den totale produksjonen har hatt ei saksbehandlingstid på meir enn eitt år. Dette er ei markant betring samanlikna med åra 2021–2023. Trygderetten har gjennom restanseprosjektet sitt og andre tiltak bidrege til ei vesentleg nedbygging av saksbeholdninga og gjennom dette også redusert talet på «eldre» ankesaker vesentleg.


Saksbeholdninga per 31. desember 2024 omfattar 37 ankar som er eldre enn eitt år – sjå side 15.

3.2.7 Prosentdelen forenkla grunngitte orskurdar (jf. trygderettslova § 21 tredje ledd)

Trygderetten skal som hovudregel grunngi orskurdane sine, enten med forenkla grunngiving eller full grunngiving.

Frå 1. juli 2024 er tilgangen til å skrive orskurdar med forenkla grunngiving utvida. Orskurd med forenkla grunngiving kan no brukast ved alle slutningsformer så lenge resultatet blir rekna som klart.

Saker med forenkla grunngitt orskurd som er gitt etter 1. juli 2024 fram til og med 31. desember 2024:



Av 4 918 behandla saker blei 2 127 anker avgjorde som forenkla orskurdar. Orskurdane med forenkla grunngiving utgjør om lag 43 prosent, mot 34 prosent i 2023. Dette er ei ønskt utvikling.

3.2.8 Talet på saker som er avgjorde ved munnleg saksbehandling

Hovudregelen i trygderettslova er at saker skal behandlast på bakgrunn av skriftleg framstilling frå partane. Retten kan også gjennomføre munnleg rettsmøte med partane til stades. Vilkåret i trygderettslova § 19 for å halde rettsmøte er at «særlege grunnar» talar for det. Den interne rettleiinga om rettsmøte blei oppdatert i 2024.

Partane kan oppmode om at Trygderetten held rettsmøte i saka. Retten kan også velje å gjere dette på eige initiativ. Den vanlegaste grunnen til avslag på oppmoding om å halde rettsmøte er at ankesaka er tilstrekkeleg opplyst i dei skriftlege dokumenta, eller at ei munnleg saksbehandling vil føre til at saka blir meir vidløftig.

Ingen saker blei behandla ved munnleg saksbehandling i 2024.

3.2.9 Saker som er avgjorde med tre eller fem medlemmer, jf. trygderettslova § 7 sjette ledd

Trygderettslova § 7 sjette ledd opnar for å setje rett med tre eller fem medlemmer i saker der ein går ut frå at orskurden blir avgjerande for praksis på eit saksområde. Slike avgjerder har ein større rettskjeldemessig verknad enn andre orskurdar. Om ein utvida rett blir sett med fem eller tre medlemmer, vil til dømes vere avhengig av om det ligg føre sprik i praksis som tilseier ein breiare samansetnad av retten.

Partane kan oppmode om at det blir sett forsterka rett i ei sak som er til behandling. Trygderetten kan også på eige initiativ vurdere om det på enkelte saksområde med uklar praksis bør avseiast prinsipielle orskurdar (orskurdar med tre eller fem rettsmedlemmer) som vil vere retningsgivande for Arbeids- og velferdsetaten, andre ankemotpartar og for Trygderetten sjølv. Spørsmålet om retten skal setjast med tre eller fem medlemmer, blir avgjort av leiaren av Trygderetten. Trygderetten varslar partane om saker som det er avgjort å setje med forsterka rett.

I 2024 blei det avsagt ni orskurdar der retten var sett med fem medlemmer – sjå punkt 7.1 for å få oversikt over dei. Vi hadde sju femmedlemssaker under behandling ved årsslutt.

I 2024 blei det avsagt seks orskurdar der retten var sett med tre medlemmer – sjå punkt 7.2 for å få oversikt over dei. Vi hadde ei tremedlemssak under behandling ved årsslutt.

3.2.10 Utfallet av ankebehandlinga rapportert som gunstprosent

Behandlinga av ei ankesak i Trygderetten kan få seks ulike utfall. Dersom Trygderetten tek stilling til realiteten i saka, kan det anka vedtaket

- stadfestast
- omgjerast heilt eller delvis
- opphevast og saka bli vist vidare til ny behandling
- bli ståande og saka bli vist vidare til ny behandling

I tillegg kan resultatet bli at saka blir avvist utan at Trygderetten tek stilling til realiteten i saka, eller at saka blir heva.

Vedtaket blir stadfesta i om lag 80 prosent av sakene. Denne prosentdelen har halde seg nokså stabil sidan starten av 2000-åra. Den totale gunstprosenten var 16 i 2024. Dette er noko lågare enn dei seinare åra.

Omgjeringa har dei siste ti åra lege på mellom 11 og 15 prosent – sjå punkt 3.5. Endringa i den totale gunstprosenten skriv seg frå nedgang i saker som er oppheva og viste vidare, og talet er no nede i 5 prosent av den totale saksavviklinga. Det er ein vesentleg reduksjon samanlikna med åra 2020 og 2021. Denne utviklinga viser at Trygderetten har følgd opp påpeikinga frå utvalet i *NOU 2023: 11 Raskt og riktig* om at prosentdelen opphevingar frå Trygderetten er for høg. Utviklinga kan vidare komme av at saksførebuinga frå Nav har fått betre kvalitet.

GUNSTPROSENTEN I ALLE ANKESAKER	2020	2021	2022	2023	2024
Heil/delvis omgjering (%)	14	12	15	14	11
Oppheva og vist vidare (%)	8	6	6	4	5
Gunstprosent	22	19	21	18	16

Enkelte ankesaker blir også avslutta ved at ankesaka blir avvist eller heva. I dei andre avgjerdene blei det anka vedtaket stadfesta.

GUNSTPROSENTEN I ANKESAKER SOM GJELD UFØREYTINGAR	2021	2022	2023	2024
Heil/delvis omgjering (%)	12,4	19,5	16,5	14
Oppheva og vist vidare (%)	10,2	5,9	4	5
Gunstprosent	23	25,4	20,5	20

GUNSTPROSENTEN I ANKESAKER SOM GJELD ARBEIDSAVKLARINGSPENGAR	2021	2022	2023	2024
Heil/delvis omgjering (%)	18	20,7	17,2	13
Oppheva og vist vidare (%)	5,2	4,3	4,6	3
Gunstprosent	24	25	21,8	16



«Som prosjektleiar for samarbeidsprosjektet med Nav klageinstans får eg bidra til å utvikle arbeidet med direkte anke samtidig som eg får vere med på å opparbeide nødvendig kunnskap og erfaring for Trygderetten.»

Nadja, jusskunnig rettsmedlem

3.2.11 Samarbeidet med andre verksemder i klage- og ankesakskjeda

Vi har eit godt samarbeid med andre verksemder i klage- og ankekjeda. Det er i 2024 gjennomført to kontaktmøte med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Nav klageinstans. Det er vidare halde fire kontaktmøte mellom Trygderetten og Nav klageinstans. Prognoseutvalet, det vil seie arbeidsgruppa mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet, Nav klageinstans og Trygderetten, har halvårige arbeidsmøte med utveksling av prognose og saksinngang til Trygderetten.

3.2.12 Restanseprosjektet

I *NOU 2023: 11 Raskt og riktig* foreslo utvalet å etablere eit tidsavgrensa restanseprosjekt over tre år for å byggje ned restansar til eit «normalnivå» og avlaste organisasjonen. Prosjektet omfattar fire jusskunnige rettsmedlemmer, inkludert éin prosjektleiar, to medisinkunnige og éin attføringskunnig rettsmedlem.

Prosjektet blei sett i verk frå 1. januar 2024, med eit mål om å avseie minst 500 orskurdar i 2024.

Resultatet ved årsslutt viste at det blei avsagt totalt 588 orskurdar. Prosjektet avsa 17,6 prosent fleire orskurdar enn det som var målet.

RESTANSEPROSJEKTET	2024
Avsagde orskurdar	588
Rettssamansetnad:	
– 1 rettsmedlem	16
– 2 rettsmedlemmer	515
– 3 rettsmedlemmer	57
Avgjerdformer:	
– Vanleg grunngitt orskurd	192
– Forenkla grunngitt orskurd	391
– Hevingsavgjerd	5

I prosjektet var litt under 80 prosent orskurdar med stadfesting.

GUNSTPROSENTEN I RESTANSEPROSJEKTET	2021	2022	2023	2024
Heil/delvis omgjerding (%)				8
Oppheva og vist vidare (%)				3
Gunstprosent				11

3.2.13 Tiltak for å sikre nødvendig bemanning og kompetanse

Trygderetten deltek i arbeidet til prognoseutvalet. Vi bidreg med informasjon om den faktiske saksinngangen til Trygderetten og kan stille spørsmål til grunnlaget for dei prognosane som direktoratet og klageinstansen reknar seg fram til. Det blir halde minst to prognosemøte i året.

Gode prognosar for saksinngang og vurderingar av effekten av framtidige lovendringar er avgjerande for at Trygderetten skal kunne planleggje saksavviklinga og vurdere behovet for saksbehandlarressursar innanfor dei ulike stillingsgruppene.

Trygderetten fullførte hausten 2024 ein ny kompetanseplan. Planen inneheld ein overordna kompetansestrategi, ei kartlegging av kva kompetanse vi treng framover, ei verktøykasse for ulike kompetansetiltak for å dekkje moglege kompetansegap og konkrete kompetansetiltak for dei ulike faggruppene for 2025–2026. I dette arbeidet blei det gjennom workshopar henta innspel frå heile organisasjonen. Eit nytt tiltak er mellom anna eit felles foredragsforum, som skal sørge for deling og innhenting av kompetanse internt og eksternt. Eit anna nytt tiltak er mindre diskusjonsgrupper for juristane på tvers av fagavdelingane, som følgje av innføring av einedommarsaker. Planen skal sikre at vi har rett kompetanse framover, og at vi er førebudde på å dekkje eventuelle nye kompetansebehov som måtte komme.

Fri sakføring-gruppa har særleg kunnskap om regelverket for fri sakføring. I 2024 har gruppa handtert dei sakstypene som er lagde til gruppa, mellom anna søknader om fri sakføring som kjem til Trygderetten før ankesaka. Gruppa har også oppdatert interne retningslinjer for fagområdet og har i samarbeid med Statens sivilrettsforvaltning, Domstoladministrasjonen og Trygderetten bidrege til å utvikle ei ny, digital søknadsløysing på rettshjelpsområdet (RAPP).



«Trygderetten handterer jamleg komplekse EØS-rettslege saker. Som leiar av EØS-utvalet bidreg eg til avviklinga av desse sakene, og eg held foredrag. Jobben gir mykje sjølvstende og ansvar, og det gjer han engasjerande og meningsfylt.»

Dag, jusskunnig rettsmedlem

For å sikre kompetanse innanfor EØS-rett i Trygderetten er det oppretta eit EØS-utval. I 2024 har utvalet gitt føresegnar i samband med saker nokon vurderer å leggje fram for EFTA-domstolen, halde foredrag på det årlege internseminaret, arrangert foredrag med eksterne foredragshaldarar og delteke på ulike EØS-rettslege arrangement. Utvalet bidrog med innlegg på EØS-trygderettskonferansen i Sandefjord med gjennomgang av årets EØS-

relaterte orskurdar frå Trygderetten. Utvalet ved leiaren deltok også då EFTA-domstolen markerte 30-årsjubileet til EØS-avtalen i Luxemburg.

Synlegheitsgruppa har hatt som oppgåve å opplyse om rettsfullmektigordninga, særleg til studentar. Målet er å betre rekrutteringsgrunnlaget i tilsetjingsprosessar. Synlegheitsgruppa deltok i 2024 på arbeidslivsdagane i Bergen og i Oslo. Der fortalde dei jusstudentane om moglegheitene som rettsfullmektig i Trygderetten og arbeidet vi gjer. Synlegheitsgruppa heldt også foredrag for rettshjelpiltaka Jussformidlinga, JURK og Jussbuss.



«Eg er oppteken av at fleire jusstudentar skal kjenne til at ein kan vere rettsfullmektig i Trygderetten. Gjennom arbeidet her blir ein komfortabel med å ta ansvar for saker frå A til Å, samtidig som ein har trygge rammer og eit sterkt fagmiljø i ryggen.»

Cecilie, rettsfullmektig

3.2.14 Tiltak for å effektivisere saksbehandlingsprosessar og satsing på digitale løysingar

Hausten 2024 starta Trygderetten innføringa av eit nytt saks- og arkivsystem. I den samanhengen blei det våren 2024 gjennomført eit innkjøpsprosjekt i samsvar med lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Det blei inngått avtale om nytt saks- og arkivsystem med Sikri AS, signert 21. juni 2024.

Innføringa av det nye saks- og arkivsystemet Elements Cloud vil skje frå august 2024 til april/mai 2025. Dette arbeidet har vore viktig og ressurskrevjande, og målet er at systemet skal vere eit effektivt verktøy for saksbehandling, gi leiinga betre styringsinformasjon og oppfylle krava til IT-tryggleik og personvern. I samband med innføringa vil alle prosessar med saksavvikling og uthenting av styringsdata bli gått gjennom på nytt for å hente ut effektiviseringsgevinstar og ta hand om delar av forslaga frå NOU 2023: 11 Raskt og riktig.

3.2.15 Effekten av tidlegare effektiviseringstiltak og omstillingsaktivitetar

Vi har gjennomført ei rekkje effektiviserings- og omstillingsaktivitetar dei seinare åra. Til dømes blir alle orskurdar som Trygderetten avseier, publiserte på Lovdata, og vi har fleire prosjekt i gang med å prøve ut arbeidsformer som kan vere meir effektive. Det er

gjennomført ei omstilling i administrasjonsavdelinga der vi legg til rette for at saksbehandlarane skal kunne ta over nokre av oppgåvene til administratorane framover. Vi har følgd opp og sett i verk tiltak som er knytte til forbetningsforslag i tidlegare offentlege utgreiingar.

Lovendringane som blei sette i kraft 1. juli 2024, har kravd endringar i saksavviklinga og retningslinjene for henne. Trygderetten vil dessutan arbeide med å leggje til rette for at forslaget om direkte anke kan innførast. Dette forslaget vil, slik vi oppfattar det, vere eit godt verkemiddel for å effektivisere saksbehandlingstida i klage- og ankesakskjeda ytterlegare. I 2024 er det vidare gjennomført ei oppdatering av rettleiinga for saksbehandlinga i Trygderetten og andre styringsdokument.

3.2.16 Oppfølginga av NOU 2023: 11 og tiltak som er sette i verk for å auke produksjonen

I forkant av endringar i trygderettslova frå 1. juli 2024 utarbeidde vi nye rutinar og orskurdsmalar og førebudde organisasjonen på overgangen. Trygderetten har tilpassa seg godt til endringane, noko prosentdelen einedommarsaker og forenkla orskurdar viser tydeleg. På sikt er det venta at desse endringane vil føre til auka produksjon.

Trygderetten har bidrege med faktagrunnlag til høyringsnotat om endringar i trygderettslova. Høyringsnotatet om direkte anke, seksmånadensfrist m.m. blei sendt på høyring 25. november 2024. Forslaga vil gjere saksbehandlingstida i klage- og ankesystemet vesentleg kortare, men overfører samtidig oppgåver frå ankemotpartane til Trygderetten. Forslaga er venta å redusere produksjonen i Trygderetten.

Som førebuing til endringane som er foreslått i høyringsnotat av 25. november 2024, har vi gjennomført to pilotprosjekt i samarbeid med Nav klageinstans. Føremålet med prosjekta har vore å hauste erfaringar med eventuelle framtidige endringar. Den første piloten omfatta 90 uføre-



trygdsaker etter føresegna i folketrygdlova § 12-5. Samarbeidet blei ført vidare i ein ny pilot hausten 2024 med 60 yrkesskadesaker. Formålet med samarbeidsprosjektet var mellom anna, i tråd med forslaga i *NOU 2023: 11 Raskt og riktig*, å hauste erfaringar med bruken av

tilsvar ved oversending til Trygderetten og å opparbeide erfaringar som kan vere nyttige for saksbehandlinga i dag og lovarbeid som er i gang. Trygderetten vil gjennomføre liknande prosjekt i 2025.

Restanseprosjektet er omtalt under punkt 3.2.12.

3.3 Fellesføringar for 2024

3.3.1 Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Vi kan rapportere om desse tiltaka som påverkar klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk:

- Plattformen til IT-leverandøren vår omfattar delte tenester med ein stor kundemasse gjennom skya. Slike delte tenester bidreg til eit lågare klimaavtrykk og betre utnytting av ressursar. Trygderetten får årleg tilgang til berekraftsrapporten til leverandøren.
- Vi nyttar dei fellesavtalane som Statens innkjøpssenter inngår, og der strenge krav til klimagassutslepp, naturforavtrykk og energibruk er ein del av tildelingskriteria.
- I den grad Trygderetten sjølv inngår avtalar, blir det stilt krav til klima og miljø i kravspesifikasjonen.
- Gardeigaren vår har tydeleg definerte mål om miljøsparende tiltak og stiller også høge krav til samarbeidspartnarane og leverandørane sine. Grunnlaget for GLOCAL (Global thinking – local action) er den internasjonale BREEAM-standard, energimerking frå NVE og sjølvpålagde tiltak og mål frå gardeigaren, inkludert kjeldesortering av avfall, tiltak for redusert vassforbruk, bruk av materiale og tekniske løysingar som reduserer energibruken, m.m.

3.3.2 Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing

I 2024 hadde Trygderetten tre stillingsutlysingar, éi for konstituerte jusskunnige rettsmedlemmer, éi for rettsfullmektigar og éi for saksbehandlarar. Utlysingane gjaldt til saman 17 stillingar. Til stillingane som konstituerte jusskunnige rettsmedlemmer var det ingen søkjarar med funksjonsnedsetjingar og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Til stillingane som rettsfullmektigar var det éin søkjar med høl i CV-en, og etter intervju såg vi at vedkommande ikkje nådde opp samanlikna med dei andre søkjarane. Til dei tre stillingane som saksbehandlar hadde vi til saman 220 søkjarar. Av desse svarte tolv at dei hadde ei funksjonsnedsetjing, og ni at dei hadde fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i ein periode. Tre av søkjarane hadde kryssa av for begge kategoriane. Av søkjarane kalla vi inn fire med funksjonsnedsetjing, to med høl i CV-en og éin med begge kategoriane. Dei vi ikkje kalla inn, var, slik vi vurderte søknaden og CV-en, ikkje kvalifiserte til stillinga. Søkjarane vi snakka med, blei dessverre for svake når det gjaldt utdanning og erfaring, samanlikna med dei andre søkjarane.

Trygderetten ønskjer fleire søkjarar med funksjonsnedsetjingar eller høl i CV-en og oppmodar dei om å søkje. Saman med dei tillitsvalde held vi fram arbeidet for eit meir inkluderande arbeidsmiljø.

3.3.3 Redusere konsulentbruken

KJØPTE TENESTER	2023	2024
Karriererådgiving i samband med omstilling	189 000	–
Juridisk bistand i samband med arbeidsrett	162 625	84 200
Juridisk bistand i samband med innkjøpsrett	370 475	697 098
Juridisk bistand i samband med personvern	17 128	456 004
Rekrutteringsbistand	–	–
Kommunikasjonsbistand	100 000	–
Analyse av adm. og øk. konsekvensar, <i>NOU 2023: 11 Raskt og riktig</i>	–	705 375
Bistand til generell IKT	–	–
Anna	8 000	56 003
Delsum	949 743	1 896 164
Forprosjekt for nytt saks- og arkivsystem	879 713	51 888
Innføring av nytt saks- og arkivsystem		1 674 466
Konsulentstøtte, grensesnitt til ny rettspleieapplikasjon (RAPP)		11 790
SUM	1 829 456	3 634 308

* Frå 2024 fører Trygderetten rekneskapen sin etter periodiseringsprinsippet i staten. 2023 er korrigert basert på dette prinsippet for å få tal som kan samanliknast.

Trygderetten er ei mindre verksemd, og innkjøp av rådgivingstenester er nødvendig på område der vi ikkje har eigen spisskompetanse. Kjøp av konsulentbistand har i 2024 primært vore knytt til juridisk bistand innanfor rettsområda arbeidsrett, personvern og innkjøpsrett. Utover dette er tenestekjøpet knytt til nytt saks- og arkivsystem og utgreiingsarbeid i samband med *NOU 2023: 11 Raskt og riktig*.

Trygderetten har ikkje kjøpt støtte frå kommunikasjonsbransjen i 2024.

Elles viser vi til nærmare omtale i note 4 i årsrekneskapen.



4 Styring og kontroll av verksemda

Trygderetten nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Styringsdialogen går fram av instruksen og tildelingsbrevet frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID), og det har vore gjennomført to etatsstyringsmøte i 2024. Utover etatsstyringsmøta har Trygderetten og departementet kontinuerleg dialog etter behov.

Trygderetten deltek i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Nav klageinstans i eit prognoseutval som har møte to gonger i året. Formålet er å kunne gi Trygderetten prognosar for venta saksinngang frå den største ankemotparten. Dette vil gi Trygderetten best mogleg føresetnader for å planleggje saksavviklinga. Prognosane blir utarbeidde for inneverande år og dei to påfølgjande åra.

Strategiplanen til Trygderetten (2023–2025) skal bidra til at Trygderetten oppfyller formålet sitt i tråd med føresegnene i trygderettslova og styringsparametrane i tildelingsbrevet frå departementet.

4.1 Internkontroll

Internkontrollen til Trygderetten er tilpassa vår risiko, vesentlegheit og eigenart og gir ein rimeleg tryggleik for at drifta er målretta og effektiv, at rapporteringa internt og eksternt er påliteleg, og at verksemda held lover og reglar.

Internkontrollen omfattar ulike system, rutinar og tiltak og er innebygd i den daglege drifta og styringa av Trygderetten. Han omfattar også system og strukturar som går på tvers av verksemda, som fullmakter og fordeling av roller og ansvar. I 2024 har Trygderetten fått ein ny tilpassingsavtale med tillitsvalde. Vi har oppdatert rettleiinga for saksbehandlinga, rettleiinga for sakskostnader og fri sakføring, rettleiinga for rettsmøte og reglane for

saksfordeling og samansetnaden av retten. Arbeidet med å gå gjennom og fornye styringsdokumenta våre vil halde fram i 2025.

Månadleg blir det utarbeidd rapportar som presenterer status på rapporteringskrava gitt i tildelingsbrevet frå departementet. Talgrunnlaget blir deretter drøfta i leiarmøtet i Trygderetten.

Med bakgrunn i tildelingsbrev og strategiplan utformar Trygderetten den årlege verksemdsplanen sin. Eit sentralt element i verksemdsplanen er ein periodisert plan for produksjon av orskurdar. Produksjonsplanen er broten ned på avdelingsnivå og deretter på kvar enkelt medarbeidar som deltek i ankesaksbehandlinga. Produksjonsplanen blir følgd opp månadleg både av leiinga av Trygderetten og av kvar enkelt fagavdeling. I tillegg blir det gjort fortløpande vurderingar av tiltak for å auke produksjonen ved behov, både i leiarmøte og på leiarsamlingar gjennom året.

4.2 Risikovurdering

Risikovurderingar er ein del av den ordinære drifta vår. Dei har som formål å avdekkje dei faktorane som ein vurderer at vil ha størst påverknad på den evna Trygderetten har til å nå måla i tildelingsbrevet og å gjennomføre ei forsvarleg og effektiv drift.

4.3 Beredskap

Vi har utarbeidd ein eigen beredskapsplan som er ein del av den interne HMS-handboka. I 2024 starta arbeidet med ein ny beredskapsplan. Denne vil bli fullført i 2025.

4.4 Digital tryggleik

Vi har ei risikobasert tilnærming til digital tryggleik og nyttar anerkjende rammeverk/standardar, og tryggleiken i den daglege IKT-drifta er regulert gjennom avtalar med underleverandørane våre.

Vi deltek i sektorvist responsmiljø (SRM). Formålet med eit SRM er å sikre at alle relevante aktørar innanfor departementsområdet raskt får korrekt varslingsinformasjon og blir sette i stand til å gjere nødvendige tiltak ved ei digital hending.

I samband med etableringa av eit nytt saks- og arkivsystem har Trygderetten kjøpt inn tilleggsmodular frå leverandøren som sikrar personvern. Desse modulane gjer at vi kan oppfylle alle lovpålagde krav. Løysinga er kjenneteikna ved at data blir brukte på nytt i heile systemet og automatisk lagar personvernerklæringar frå behandlingsprotokollar.

4.5 Kommunikasjon

Trygderetten legg vekt på ein heilskapleg og målretta kommunikasjon mot brukarane våre, samarbeidspartnarar og samfunnet elles. På nettsidene våre gir vi informasjon om ankeprosessen, statistikk m.m., og på intranettsidene publiserer vi kontinuerleg relevant informasjon for dei tilsette.

Vi har i 2024 utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi. Denne strategien gir føringar for både intern og ekstern kommunikasjon. Vi har også valt å nytte oss av LinkedIn som kommunikasjonskanal.

Trygderetten har sidan 2020 avtale med Stiftelsen Lovdata om avidentifisering og publisering av dei forenkla og fullt grunngitte orskurdane til Trygderetten, som inneber at avgjerdene til Trygderetten blir tilgjengelege kort tid etter at dei er avgjorde. Publiseringa av orskurdane skjer både på dei opne sidene til Lovdata og på dei sidene som berre er for dei profesjonelle brukarane.

4.6 Økonomi

Leiaren av Trygderetten har ansvaret for at dei økonomiske ressursane til Trygderetten blir disponerte i samsvar med føresetnadene for løyvingane, slik dei går fram av tildelingsbrev frå departementet, og i samsvar med dei føresegnene som gjeld for økonomiforvaltinga i staten til kvar tid. Trygderetten er ei mindre verksemd, og fullmaktene er delegerte på få tilsette. Budsjettdisponeringsmyndigheita ligg til leiaren av Trygderetten, fagdirektøren og administrasjonsdirektøren. Bestillingsfullmaktene ligg hos eit fåtal tilsette i administrasjonsavdelinga. Elles viser vi til økonomiinstruksen til Trygderetten og instruksen frå departementet om verksemds- og økonomistyring for Trygderetten.

Trygderetten er fullservicekunde hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) når det gjeld rekneskaps- og lønnstenester og elektronisk fakturabehandling.

Trygderetten er som andre statlege verksemder underlagd kontroll av Riksrevisjonen. Riksrevisjonen har ikkje hatt rekneskapsmessige merknader som har kravd oppfølging i 2024. Revisjonen av 2024-rekneskapa har starta og vil liggje føre våren 2025.

4.7 Innkjøp

Trygderetten nyttar dei rammeavtalane som blir administrerte gjennom Statens innkjøpssenter. Dei daglege driftskostnadene er regulerte gjennom avtalar, normalt med ei tidsavgrensing på tre til fem år. Trygderetten inngår relativt få eigne kontraktar utover statens felles rammeavtalar der oppfølging av lønns- og arbeidsvilkåra til leverandøren er relevant.

I den grad vi gjennomfører egne innkjøp, hentar vi normalt inn minst tre tilbud for avtaleverdier under terskelverdien. Over terskelverdien vil Trygderetten alltid gjennomføre konkurranse i samsvar med det gjeldende innkjøpsregelverket. I 2024 er det gjennomført innkjøp i egen regi av nytt saks- og



arkivsystem og ei utgreiing om økonomiske og administrative konsekvensar av ei eventuell innføring av direkte anke til Trygderetten.



5 Vurdering av framtidsutsikter

Trygderetten skal ta i bruk eit nytt saks- og arkivsystem i første halvår av 2025. Dette skal gi medarbeidarane eit godt arbeidsverktøy og bidra til forenkling og effektivisering av ankesaksbehandlinga.

Det er eit godt utgangspunkt for måloppnåinga i 2025 at saksbeholdninga ikkje er større enn cirka 1400 saker, og at ho inneheld få gamle saker.

Ifølgje anslaga frå prognoseutvalet av februar 2025 vil saksinngangen bli 4624 saker i 2025. Det er sterkt ønskjeleg for oss at prognosane for saksinngangen er treffsikre på kort og litt lengre sikt. Prognosane er grunnlaget for ressurs- og bemanningsplanlegging. Usikre prognosar vil kunne føre til over- eller underkapasitet av bemanningsressursar i Trygderetten.

Vi støttar lovforslaget om direkte anke som blei fremja av AID hausten 2024, slik vi har gitt uttrykk for i høyringssvaret vårt. Innføring av direkte anke føreset at Trygderetten har ei ny plattform for innsending av ankar og supplerande saksdokument frå partane i saka. Arbeidet med å utforme kravspesifikasjon for denne «transportvegen» må utførast i første halvår 2025, og konkurransen om å levere ein slik transportveg blir sett i gang hausten 2025. Forslaget inneber at Trygderetten får ei rettleiingsplikt overfor publikum som ønskjer å setje fram ein anke, og det må truleg etablerast eit publikumsmottak i eller i samband med lokala til Trygderetten.

Vi har tru på at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida vil bli ytterlegare redusert i 2025. Vidare er vi opptekne av at Trygderetten framleis skal ha høg kvalitet på arbeidet. Det skal mellom anna sikrast ved sterkare trykk på kompetanseutvikling og vidare arbeid med prinsipielle og retningsgivande orskurdar. Vi vil også sørgje for at verksemda til

Trygderetten og rettane til den enkelte i ankeprosessen blir betre kjende gjennom tiltak frå den nye kommunikasjonsstrategien vår. Saksbehandlinga skal vere tryggjande og tillitsskapande. Det at alle orskurdane frå Trygderetten er tilgjengelege for publikum på Lovdata, bidreg til auka transparens i avgjerdene våre og god rettstryggleik for brukarane.



6 Årsrekneskap

6.1 Leiingskommentar til årsrekneskapen 2024

Trygderetten er ei bruttobudsjettert verksemd som frå 2024 fører og rapporterer verksemdsrekneskapen sin i samsvar med periodiseringsprinsippet i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Vi er fullservicekunde hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for både rekneskapstenester, elektronisk fakturabehandling og lønnstenester.

6.2 Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med forskrifta *bestemmelser om økonomistyring i staten*, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignedelar og gjeld.

6.3 Vesentlege forhold ved årsrekneskapen

Løyvingsrapportering:

Kap. 606 Trygderetten, Post 01 Driftsutgifter:

Kapittel 606 Trygderetten, Post 01 Driftsutgifter	2024
Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2024	120 530 000
Overført frå førre termin	2 415 000
Revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024)	–1 000 000

Prop. 36 S (2024–2025) under Finansdepartementet, jf. Innst. 90 S (2024–2025) og Prop. 22 S (2024–2025) under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, jf. Innst. 99 S (2024–2025)	2 380 000
Sum løyving	124 325 000
Rekneskap per 31.12.24	118 222 875
Mindreutgift	–6 102 125
Sum mogleg overførbart beløp til 2024	6 102 125

Den samla tildelinga var på 124,325 millionar kroner. Samla tildeling omfattar opphavleg tildeling for 2024, overført beløp frå 2023 og kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2024. Driftsløyvinga til Trygderetten blei i samband med løyvinga av revidert nasjonalbudsjett 2024 frå Stortinget redusert med 1 million kroner, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Løyvinga i Prop. 36 S (2024–2025) under Finansdepartementet, jf. Innst. 90 S (2024–2025), og Prop. 22 S (2024–2025) under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, jf. Innst. 99 S (2024–2025), skal dekkje verknaden av lønnsoppgjeret 2024 og kjem først til bruk/utbetaling i februar/mars 2025.

Trygderetten disponerte ei belastingsfullmakt på budsjettkapittelet til Justis- og beredskapsdepartementet i samband med fri sakføring, kap. 470 post 70 – Fri rettshjelp.

Etter lov om fri rettshjelp kan Trygderetten innvilge fri sakføring. Fri sakføring kan innvilgast i ankesaker etter lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten dersom dei økonomiske vilkåra i lov om fri rettshjelp § 16 andre eller fjerde ledd er oppfylte. Budsjettfullmakt er gitt i tildelingsbrev frå Justis- og beredskapsdepartementet av 18. desember 2023. Som løyvingrapporteringa viser, har Trygderetten i 2024 rekneskapsført fri sakføring i 691 ankesaker og betalt ut 12,159 millionar kroner. Tilsvarande blei det i 2023 innvilga fri sakføring i 680 ankesaker og rekneskapsført 11,924 millionar kroner.

Trygderetten har eit netto mindreforbruk på 6,102 millionar kroner i 2024. Forseinking i prosjektet nytt saks- og arkivsystem og lågare lønnsutgifter er blant faktorene som har bidrege til mindreforbruket. Dei unytta driftsmidlane frå 2024 kjem til bruk i 2025 i samband med tilsetjing av nye konstitusjonar for nedbygging av restansar med bakgrunn i ei førebuing til eventuelt vedtak om innføring av direkte anke til Trygderetten, jf. *NOU 2023: 11*. Vidare vil Trygderetten avslutte innføringa av nytt saks- og arkivsystem våren 2025.

Per 31.12.2024 utgjorde mellomværet med statskassen 8,524 millionar kroner. Mellomværet ved årsslutt omfatta 3,097 millionar kroner i skyldig skattetrekk og anna kortsiktig gjeld på 5,427 millionar kroner.

Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen er opplyst i note 6 B.

Verksemdsrekneskapen

Dei samla utgiftene Trygderetten hadde til drifta i 2024, var på 132,466 millionar kroner. Av dette utgjorde lønnskostnadene om lag 72 prosent, om lag 18 prosent gjekk til andre driftskostnader, om lag 9 prosent gjekk til utbetalingar av fri sakføring, og om lag 1 prosent er avskrivningar av varige driftsmiddel.

Lønnskostnader

Lønnsutgiftene, inkludert arbeidsgivaravgift m.m. og korrigerert for refusjonar, kom på 95,231 millionar kroner i 2024 (note 2). På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 blei forseinka, har verksemda ikkje utbetalt resultatet av oppgjeret, og etterbetaling blir skyvd til 2025. Lønnsutgiftene inneheld derfor eit estimat for lønnsavsetning. Lønnsavsetninga inkluderer feriepengar og arbeidsgivaravgift.

Trygderetten fekk i 2024 styrkt løyvinga si med 6,650 millionar kroner til tilsetjing av konstituerte jusskunnige rettsmedlemmer. Det skjedde i samband med etableringa av eit restansenedbyggingsprosjekt som følgje av *NOU 2023: 11 Raskt og riktig*. I 2024 inneheld rekneskapen lønnskostnader til to konstitusjonar. Styrkinga av driftsløyvinga til Trygderetten er ført vidare i 2025, og ytterlegare fire konstitusjonar vil tiltre våren 2025.

Samla årsverksforbruk i 2024 var på 65,6 årsverk, mot 66,9 i 2023.

Trygderetten har også i 2024 hatt endringar i bemanninga i verksemda. Fire rettsfullmektigar og éin kommunikasjonsrådgivar i administrasjonen har i løpet av året starta i stillingane sine, mens tretten tilsette har slutta. Dette har bakgrunn i avgang ved ordinær alderspensjon, avslutning av åremål og overgang til andre stillingar utanfor Trygderetten. Seks medarbeidarar har vore i permisjon heile eller delar av året.

Trygderetten fekk refusjon av sjuke- og foreldrepengar på 1,843 millionar kroner i 2024. Dei samla refusjonane fordeler seg med om lag 39 prosent sjukepengar og om lag 61 prosent foreldrepengar. Trygderetten hadde i 2024 eit sjukefråvær på om lag 3,4 prosent (eigen- og legemeldt sjukefråvær). Dette er 1,6 prosent lågare enn IA-målet til verksemda og 1,5 prosent lågare enn fjoråret.

Andre driftskostnader

Andre utbetalingar til drift utgjorde 36,182 millionar kroner (note 4) i 2024. Om lag 26

prosent av andre driftskostnader er relaterte til husleige og andre kostnader i samband med lokala til Trygderetten i Sandakerveien 130, og om lag 33 prosent er kostnader i samband med utbetaling av fri sakføring. Vidare utgjør IT-kostnadene til Trygderetten om lag 19 prosent. Konsulentbruken er nærmare omtalt i punkt 3.1.

Trygderetten fekk styrkt løyvinga si i 2024 med 2,700 millionar kroner til innkjøp av eit nytt saks- og arkivsystem. Trygderetten signerte avtalen med leverandør 21. juni 2024, og innføringsprosjektet blei starta opp i august. Ved utgangen av 2024 er prosjektet foreløpig ikkje fullført, og venta oppstart er våren 2025. Saks- og arkivsystemet er ei standardisert skybasert løysing, og innføringskostnadene er timebasert støtte til å setje opp systemet i samsvar med behova til Trygderetten. Trygderetten eig sine egne data i løysinga, men har ikkje eigarskap til komponentar i løysinga og er berre ein brukar av ei standardløysing. Systemet er derfor ikkje klassifisert som eit varig driftsmiddel.

Tilgangen av varige driftsmiddel utgjør 0,703 millionar kroner i 2024 (note 3). Tilgangen av nye varige driftsmiddel i 2024 omfattar PC-ar, oppgradering av AV-utstyr og noko mindre inventar.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er revisor og stadfestar årsrekneskapen for Trygderetten. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per 13. mars 2025. Revisjonsmeldinga vil, når ho ligg føre, bli publisert saman med årsrapporten på nettsidene våre.

Oslo, 13. mars 2025



leiar av Trygderetten

Prinsippnote til rekneskapen – løyving- og artskontorapportering

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemdar er utarbeidde og leverte etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegnar i rundskriv R-115 av desember 2024 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til

løyvingsoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen, og derfor er dei ikkje viste som inntekt i artskontorapporteringa.

6.4 Oppstilling av løyvingsrapporteringa per 31. desember 2024

Utgiftskap.	Kapittelnamn	Post	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2024	Mindre-utgift
0606.	Trygderetten	01, driftsutgifter	A, B	124 325 000	118 222 875	6 102 125
0470.	Fri rettshjelp	01, driftsutgifter	B	0	12 158 977	
1633.	Nettoordning, statleg betalt mva.	01, driftsutgifter		0	3 679 714	
Sum utgiftsført				124 325 000	134 061 567	

Inntektskap.	Kapittelnamn	Post		Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meir- og mindre-inntekt (-)
5700	Inntekter til folketrygda	72, Arb.giv.avgift		0	11 982 732	
Sum inntektsført				0	11 982 732	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	122 078 835
--	-------------

Kapitalkontoar		
60064701	Noregs Bank KK / innbetalingar	2 086 131
60064702	Noregs Bank KK / utbetalingar	-125 227 206
706544	Endring i mellomvære med statskassen	1 062 240
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	2024	2023	Endring
706544	Mellomvære med statskassen	-8 524 156	-9 586 396	1 062 240

Note A: Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
0606.01	2 415 000	121 910 000	124 325 000

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Mindreutgift	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024*	Maks overførbart beløp**	Mogleg overførbart beløp som er rekna ut av verksemda***
0606.01		6 102 125	6 102 125	2 380 000	8 356 500	6 102 125

* Kolonnen viser lønnskompensasjon på kvar enkelt budsjettpost for lønnsoppgjera i 2024, slik det er foreslått i omgrupperingsproposisjonane frå departementa, og slik dei går fram av vedlegg 4 i Prop. 36 S (2024–2025) Nysaldering av statsbudsjettet 2024. Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon.

** Maksimalt beløp som kan overførast, er lønnskompensasjon pluss 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, unnateke post 24, fråtrekt lønnskompensasjon, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

*** Mogleg overførbart beløp er «Sum grunnlag for overføring», men maksimalt «Maks. overførbart beløp» og minimum «Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024». Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon om mogleg overførbart beløp.

Mottekne belastingsfullmakter

Kapittel og post	Fullmaktsbeløp	Utgifter	Ubrukt
470.01	*	12 158 977	0

* Statsbudsjettet 2024 Belastingsfullmakt Trygderetten Kap. 470, post 01 av 18. desember 2023:

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Prop. 1 S (2023–2024) for Justis- og beredskapsdepartementet og Innst. 6 S (2023–2024). Trygderetten fører utgifter etter reglane i lov om fri rettshjelp (rettshjelplova) på kap. 470, post 01. Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakføring etter reglane i rettshjelplova. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelplova.

Justis- og beredskapsdepartementet tildeler med dette Trygderetten fullmakt til å rekneskapsføre utgifter etter reglane i rettshjelplova på kap. 470, post 01 Driftsutgifter. Samla løyving på kap. 470, post 01 er 839 271 000 kroner i 2024. Trygderetten er blant aktørane som rekneskapsfører på denne posten. Vi ber vidare om at Trygderetten rapporterer til statsrekneskapen om føringa av utgifter på kap. 470, post 01 for 2024, jf. punkt 3.5 i forskrifta *bestemmelser om økonomistyring i staten*.

6.5 Oppstilling av artskontorrapporteringa per 31. desember 2024

Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen	31.12.2024	31.12.2023
Sum innbetalingar frå drift	0	0

Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen	31.12.2024	31.12.2023
Utbetalingar til lønn	93 393 768	91 505 294

Andre utbetalinger til drift	36 555 970	34 573 793
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	<i>129 949 737</i>	<i>126 079 087</i>

Netto rapporterte driftsutgifter	129 949 737	126 079 087
---	--------------------	--------------------

Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen

<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
---	----------	----------

Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen

Utbetaling til investeringar	425 753	0
Utbetaling av finansutgifter	6 362	43
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	<i>432 115</i>	<i>43</i>

Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	432 115	43
--	----------------	-----------

Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
--	----------	----------

Tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten

<i>Sum tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
--	----------	----------

Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel

Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	0	0
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)	11 982 732	11 899 281
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)	3 679 714	3 146 823
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	<i>-8 303 018</i>	<i>-8 752 458</i>

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	122 078 835	117 326 673
---	--------------------	--------------------

Eigedelar og gjeld	31.12.2024	31.12.2023
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-3 097 191	-3 838 792
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-5 426 965	-5 749 988
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	0	2 384
Sum mellomvære med statskassen	-8 524 156	-9 586 396

Rekneskapsprinsipp for Trygderetten – verksemdsrekneskap avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel

verdsette til det det ville kosta å kjøpe dei på nytt, eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmiddel er verdsette til verkeleg verdi.

Gjeninnkjøpsverdien for ein eigedel er det beløpet det vil koste dersom eigedelen skulle skaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som den eksisterande eigedelen.

Omløpsmiddel er verdsette til det det ville kosta å kjøpe dei på nytt, eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er tent opp. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet, altså idet overføring av risiko og kontroll er overført til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatført etter prinsippet om motsett samanstilling. Det inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, blir utførte, altså i den same perioden som ein pådreg seg kostnadene (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir rekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader:

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i den same perioden som den tilhøyrande inntekta.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i den same perioden som aktivitetane er gjennomførte og ressursane forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 «Ytelser til ansatte» legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, vil seie at han blir rekna ut basert på forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingsbasert, vil seie at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmen. Medlemsdelen på 2 prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som verksemda disponerer. Varige eigedelar vil seie eigedelar med levetid som kan utnyttast i tre år eller meir. Vesentlege eigedelar vil seie eigedelar med innkjøpskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til innkjøpskostnad fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm med levetid som kan utnyttast i tre år eller meir, er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Verksemda balansefører ikkje utgifter til bruk av eigne tilsette til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare. Innføring av nytt saks- og arkivsystem i Trygderetten blir rekna for å vere operasjonell fordi dette er ei standard skyløysing. Dette er derfor ikkje balanseført.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen då rekneskapsåret var slutt. Her er spotkursen frå Noregs Bank per 31.12. lagd til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjer nettobeløpet av egedelane og gjelda til verksemda og går fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja «Avrekna med statskassen».

STATLEGE RAMMEVILKÅR

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er dermed ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Statens konsernkontoordning

Statlege verksemder er omfatta av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane til verksemda i Noregs Bank.

Verksemda får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank nullstilt ved overgangen til nytt rekneskapsår.

6.6 Resultatrekneskap

	Note	31.12.2024
Driftsinntekter		
Inntekt frå løyvingar	1	132 472 014
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>132 472 014</i>
Driftskostnader		
Lønnskostnader	2	95 230 692
Avskrivingar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3	1 053 303

Andre driftskostnader	4	36 181 657
<i>Sum driftskostnader</i>		132 465 652
Driftsresultat		6 362
Finansinntekter og finanskostnader		
Finanskostnader	5	6 362
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-6 362
Resultat av aktivitetene i perioden		0
Avrekninger og disponeringar		
<i>Sum avrekninger og disponeringar</i>		0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</i>		0
Tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten		
<i>Sum tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten</i>		0

6.7 Balanse

	Note	31.12.2024	01.01.2024
EIGEDLAR			
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle eigedelar			
<i>Sum immaterielle eigedelar</i>		0	0
II Varige driftsmiddel			
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	3	2 875 995	3 226 198
<i>Sum varige driftsmiddel</i>		2 875 995	3 226 198
III Finansielle anleggsmiddel			
<i>Sum finansielle anleggsmiddel</i>		0	0
Sum anleggsmiddel		2 875 995	3 226 198
B. Omløpsmiddel			
I Vare- og driftsmateriellager			

Sum vare- og driftsmateriellager		0	0
II Fordringer			
Andre fordringar	7	793 252	780 385
Sum fordringar		793 252	780 385
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		0	0
Sum omløpsmiddel		793 252	780 385
Sum egedelar drift		3 669 247	4 006 582
IV Fordringer i samband med innkrevjingsverksemd og andre overføringar			
Sum fordringar i samband med innkrevjingsverksemd og andre overføringar		0	0
SUM EIGEDELAR		3 669 247	4 006 582

Statleg kapital og gjeld			
	Note	31.12.2024	01.01.2024
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	6	-20 635 170	-19 450 307
Sum avrekningar		-20 635 170	-19 450 307
Sum statleg kapital		-20 635 170	-19 450 307
D. Gjeld			
I Avsetjing for langsiktige forpliktingar			
Sum avsetjingar for langsiktige forpliktingar		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
Sum anna langsiktig gjeld		0	0

III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		7 402 482	7 218 705
Skyldig skattetrekk og andre trekk		3 097 191	3 838 792
Skyldige offentlige avgifter		1 665 811	1 435 413
Avsette feriepengar		7 755 275	7 727 760
Anna kortsiktig gjeld	8	4 383 658	3 236 220
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		24 304 416	23 456 890
Sum gjeld		24 304 416	23 456 890
Sum statens kapital og gjeld drift		3 669 246	4 006 582
IV Gjeld i samband med tilskotsforvalting og andre overføringar			
<i>Sum gjeld i samband med tilskotsforvalting og andre overføringar</i>		0	0
SUM STATLEG KAPITAL OG GJELD		3 669 246	4 006 582

Note 1: Driftsinntekter

	31.12.2024
Inntekt frå løyvingar*	
Inntekt frå løyvingar	132 472 014
Sum inntekt frå løyvingar	132 472 014

* Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Føringa av inntekt frå løyving er frikopla frå mottekne tildelingar etter kontantprinsippet og er berre ei teknisk føring som viser at verksemda er finansiert ved løyving. Denne føringa er tidlegare gjort årleg når kunden ikkje førte rekneskap etter SRS, og blir gjort for å nullstille resultatet. Det vil seie at note 1 ikkje kan sjåast i samanheng med løyvingrapporteringa. Informasjon om mottekne løyvingar: Sjå oppstilling av løyvingrapportering.

Inntekt frå tilskot og overføringar	
<i>Sum inntekt frå tilskot og overføringar</i>	0
Inntekt frå gebyr	
<i>Sum inntekt frå gebyr</i>	0
Sals- og leigeinntekter	
<i>Sum sals- og leigeinntekter</i>	0

Andre driftsinntekter	
<i>Sum andre driftsinntekter</i>	0
Sum driftsinntekter	132 472 014

Note 2: Lønnskostnader

	31.12.2024
Lønn*	65 785 478
Feriepengar	7 451 946
Arbeidsgivaravgift	12 213 129
Pensjonskostnader**	10 055 354
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-1 843 049
Andre ytingar***	1 567 835
Sum lønnskostnader	95 230 692

Talet på utførte årsverk	65,6
---------------------------------	-------------

* På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november, har ikkje verksemda betalt ut resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetninga for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg) som utgjør kr 1 521 287. Lønnsavsetninga inkluderer feriepengar, og det er sett av for arbeidsgivaravgift av lønnsavsetninga.

** Pensjonskostnaden i 2024 er basert på eit estimat for pensjonspremien utrekna av SPK, og ikkje faktisk pensjonspremie. Det kjem av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november 2024. Premiesatsen for arbeidsgivardelen utgjorde i 2024 13,6 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremien på artskonto 542 / pensjonsgrunnlaget i 2024 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 13,3 prosent.

*** Andre ytingar omfattar mellom anna kostnader i samband med yrkesskadepremie, gruppelivsforsikring, bedriftshelseteneste og kantinekostnader.

Note 3: Varige driftsmiddel

	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Innkjøpskost 01.01.	6 235 855	6 235 855
Tilgang i året	703 100	703 100
Avgang innkjøpskost i året (-)	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i året	0	0
<i>Innkjøpskost</i>	6 938 955	6 938 955
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.	0	0
Nedskrivingar i året	0	0
Akkumulerte avskrivingar 01.01.	3 009 657	3 009 657

Ordinære avskrivningar i året	1 053 303	1 053 303
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0
Balanseført verdi 31.12.2024	2 875 995	2 875 995

Avskrivningssatsar (levetider)	3-15 år lineært	
Avhending av varige driftsmiddel i 2024:		
Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0

Note 4: Andre driftskostnader

	31.12.2024
Husleige	8 835 910
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	716 855
Leige av maskiner, inventar og liknande*	1 845 561
Kjøp av konsulenttenester**	3 634 308
Kjøp av andre framande tenester***	18 749 355
Reiser og diett	222 075
Andre driftskostnader****	2 177 593
Sum andre driftskostnader	36 181 657

* Posten omfattar heilt og fullt årlege lisensavgifter til programvare.

** Sjå nærmare omtale av kjøp av konsulenttenester i punkt 3.3.3.

*** Posten inneheld dei kostnadene Trygderetten har til innvilging av fri sakføring i ankesaker som er behandla i Trygderetten (63 %), IKT-drift og -forvaltning (24 %), aidentifisering og publisering av orskurdar på Lovdata (10 %), bruk av vikarar i administrasjonen (3 %), fjernarkivtenester (1 %), tenestekjøp frå DFØ (1 %) og ein korleksjon av fakturaer med fakturadato i 2023 som er bokførte i 2024.

**** Posten omfattar kostnader i samband med kurs og seminar for eigne tilsette (41 %), digitale hjelpemiddel (16 %), portokostnader og avgifter i tilknytning til digitale sendingar (14 %), telefoni- og internettkostnader (4 %) og diverse kostnader i samband med rekvisita m.m. (25 %).

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar:

Attverande tid	Type eigedel					
	Immaterielle eigedelar	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Maskiner og transport-middel	Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	Infrastruktur Eigedelar	Sum
Varer i inntil 1 år				39 920		39 920
Varer i 1-5 år	1 805 641					1 805 641
Varer i over 5 år		8 835 910				8 835 910
Kostnadsført leigebetaling for perioden	1 805 641	8 835 910	0	39 920	0	10 681 471

Verksemda har ein husleigeavtale som varer i ti år på rapporteringstidspunktet. Husleigekostnaden i 2024 er kr 8 835 910. Verksemda leiger program for bruk av saks- og arkivsystem m.m.

Note 5: Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2024
Finansinntekter	
Sum finansinntekter	0
Finanskostnader	
Rentekostnad	6 362
Sum finanskostnader	6 362

Note 6A: Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemdar)

A) Forklaring på at resultatet i perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2024	01.01.2024	Endring*
Avrekna med statskassen i balansen	-20 635 170	-19 450 307	-1 184 862

* Bakgrunnen for at resultatet i perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemdar, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg blir det teke omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til verksemdsdrifta, og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endringa i avrekna med statskassen ikkje er lik resultatet for perioden.

<i>Konsernkontoar i Noregs Bank</i>	
- konsernkonto, utbetaling	-125 227 206
+ konsernkonto, innbetaling	2 086 131
Netto trekk konsernkonto	-123 141 075
<i>Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrøymingspostar)</i>	
<i>Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassen</i>	
+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991)	132 472 014
- Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)	-11 982 732
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	3 836 655
<i>Andre avstemmingspostar</i>	
Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto	1 184 862
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassen	0
Sum endring i avrekna med statskassen*	1 184 862

* Sum endring i avrekna med statskassen skal stemme med endringa i perioden ovanfor.

Diff. 0

Note 6B: Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemdar)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen

		31.12.2024 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med stats- kassen	31.12.2024 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med stats- kassen	Forskjell
Immaterielle egedelar og varige driftsmiddel				
	Immaterielle egedelar	0		0
	Varige driftsmiddel	2 875 995		2 875 995
	<i>Sum</i>	2 875 995	0	2 875 995
Finansielle anleggsmiddel				
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmiddel				
	Andre fordringar	793 252	0	793 252
	<i>Sum</i>	793 252	0	793 252
Langsiktige forpliktingar og gjeld				
	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld	-7 402 482	0	-7 402 482
	Skyldig skattetrekk og andre trekk	-3 097 191	-3 317 457	220 266
	Skyldige offentlege avgifter	-1 665 811	0	-1 665 811
	Avsette feriepengar	-7 755 275	0	-7 755 275
	Anna gjeld til tilsette	-4 152 303	0	-4 152 303
	Avsett pensjonspremie til SPK, arb.givardel	0	-5 206 699	5 206 699
	Anna kortsiktig gjeld	-231 355	0	-231 355
	<i>Sum</i>	-24 304 416	-8 524 156	-15 780 260
Sum		-20 635 170	-8 524 156	-12 111 014

Mellomvære med statskassen består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassen viser finansieringa av verksemdas netto egedelar og gjeld.

Note 7: Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2024	01.01.2024
Forskotsbetalt leige	562 274	446 173

Andre forskotsbetalte kostnader	145 960	174 453
Andre fordringar	85 018	159 760
Sum andre kortsiktige fordringar	793 252	780 385

Note 8: Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2024	01.01.2024
Skyldig lønn	0	-2 384
Anna gjeld til tilsette	2 631 016	2 612 252
Avsetning for lønnsoppgjeret 2024*	1 521 287	0
Oppsamla kostnader	231 355	626 352
Avstemmingsdifferansar ved rapportering til statsrekneskapen	0	0
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivardel	0	0
Anna kortsiktig gjeld	0	0
Sum anna kortsiktig gjeld	4 383 658	3 236 220

* På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november, har ikkje verksemda betalt ut resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetninga for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg), jf. note 2. Avsetninga inkluderer også verksemda sitt eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som er forhandla fram sentralt.



7 Vedlegg:

7.1 Avsagde femmedlemsorskurdar i 2024

Ankesak	Beskriving:	Resultat
24/504	Rett til sjukepengar for enkeltstående behandlingsdagar Trygderetten la til grunn at vilkåret «behandlingen gjør det nødvendig at vedkommende ikke arbeider», jf. folketrygdlova § 8-4 andre ledd bokstav b, skal forståast slik at det krevst at det er nødvendig av omsyn til effekten av behandlinga at vedkommande ikkje arbeider nokon del av den dagen då behandlinga finn stad. Retten konkluderte også med at det ikkje gjaldt noka avgrensing i tid for kor lenge ein medlem kan få sjukepengar for enkeltstående behandlingsdagar utover det som følgjer av folketrygdlova § 8-12. Den langvarige praksisen om at det berre er den enkelte behandlingsdagen medlemmen er sjukmeld for, som blir rekna som sjukepengedag, og ikkje resten av dagane i veka, er eit uttrykk for korrekt rettsbruk.	Omgjering
21/1525	Utrekning av uføretrygd etter EØS-avtalen Etter å ha henta inn rådgivande fråsegn frå EFTA-domstolen i sak E-3/23 kom Trygderetten til at minste årlege yting i folketrygdlova § 12-13 andre ledd var ei minsteyting etter artikkel 58. Det blei lagt avgjerande vekt på formålet med ytinga. At ytinga blir avkorta ved kortare trygdetid enn 40 år, var ikkje til hinder for at ho utgjorde ei minsteyting etter forordninga. Artikkel 58 kom dermed til bruk i saka. Retten uttalte at artikkel 58 garanterer eit ytingsnivå som svarer til det personen ville fått i minsteyting om all tid medrekna etter artikkel 52 var brukt i bustadlandet. Fordi dette var meir enn	Omgjering

	dei maksimale 40 åra, hadde den ankande parten rett til uavkorta minste årlege yting for uføretrygd. At det andre EØS-landet har avslått yting, var, slik retten såg det, utan verknad i denne samanhengen. Også trygdetid i land som har avslått yting, måtte, slik retten såg det, takast til støtte for eit krav om minsteyting frå bustadsstaten.	
23/1004	Avslutning av grunnstønad – ikkje-cøliakisk glutenintoleranse Medlemmen hadde i 2008 fått innvilga grunnstønad på bakgrunn av diagnosen ikkje-cøliakisk glutenintoleranse. Nav gjorde vedtak om avslutning av grunnstønaden til medlemmen frå 1. november 2020. Nav vurderte at det ikkje var sannsynleggjort at medlemmen lenger hadde ikkje-cøliakisk glutenintoleranse. Retten delte seg i eit fleirtal og eit mindretal når det gjaldt dette spørsmålet. Eit fleirtal på fire rettsmedlemmer fann at det ikkje var sannsynsovervekt for at det låg føre vesentlege endringar i helsesituasjonen til medlemmen på avslutningstidspunktet 1. november 2020, jf. ftrl. § 6-7, og at Nav dermed ikkje hadde heimel til å revurdere og avslutte retten til grunnstønad frå dette tidspunktet. Spørsmålet var så om den retten medlemmen hadde til grunnstønad, tok slutt på eit seinare tidspunkt. På bakgrunn av nye medisinske vurderingar der ikkje-cøliakisk glutensensitivitet ikkje lenger blei rekna som ein vitskapsbasert og alminneleg anerkjend sjukdom, blei det frå 1. mars 2019 teke inn eit nytt andre ledd i ftrl. § 6-3 som heimla grunnstønad til personar med ikkje-cøliakisk glutenintoleranse. Føresegna blei oppheva med verknad frå 1. juni 2021. Fleirtalet fann at opphevinga av denne føresegna førte til at den retten medlemmen hadde til grunnstønad, tok slutt frå 1. juni 2021. Fleirtalet viste til ftrl. § 25-14, som fastset at rettar etter lova kan endrast ved seinare lov. Fleirtalet vurderte at dei endra medisinske vurderingane av ikkje-cøliakisk glutensensitivitet også representerte ei vesentleg endring i dei faktiske forholda, slik at revurdering og avslutning av retten til grunnstønad også kunne heimlast i § 6-7. Det var ikkje sannsynleggjort at medlemmen hadde cøliaki. Opphevinga av retten til grunnstønad var ikkje i strid med Grunnlova § 97 eller legalitetsprinsippet. Mindretalet vurderte at det var rett av Nav å avslutte retten til grunnstønad frå 1. november 2020.	Delvis omgjering
23/614	Avtalefesta pensjon i SPK – opptening av trygdetid – det grunnlovsmessige ved oppheving av flyktningfordelane	Stadfesting

	Føresegnene om full opptening av trygdetid for flyktningar i folketrygdlova kapittel 3 blei oppheva med verknad frå 1. januar 2021. Opphevinga fekk verknad for utrekning av AFP ved tilvising til folketrygdlova kapittel 3 i lov om AFP for medlemmer i Statens pensjonskasse. Den ankande parten meinte at opphevinga av flyktningfordelane var i strid med Grunnlova § 97 og EMK første tilleggsprotokoll artikkel 1. Den ankande parten hadde enno ikkje søkt om AFP då endringane tredde i kraft. Retten fann likevel at den rettslege posisjonen til den ankande parten hadde eit vern mot klart urimeleg eller urettferdig tilbakeverknad. Posisjonen hadde, slik retten ser det, først og fremst grunnlag i flyktningfordelane i folketrygdlova. I den konkrete vurderinga la retten til grunn at inngrepet var relativt omfattande for den ankande parten. Retten la likevel vekt på at det fanst alternativ for inntektssikring, og at AFP er ei mellombels yting. Vidare la retten vekt på at tilbakeverknadselementet ikkje var særleg sterkt, og at endringa gjaldt utrekning og ikkje greip inn i kjernen av AFP-ordninga. Endringa gjorde at flyktningar blei behandla på same måten som andre medlemmer i folketrygda. Slik retten såg det, var det ei svakheit at lovgivaren ikkje hadde vurdert om det var grunnlovsmessig å la lovendringane få verknad for AFP-ordninga. Dette fekk likevel ikkje avgjerande verknad. Etter ei samla vurdering kom retten til at endringane ikkje var i strid med Grunnlova. Retten fann heller ikkje at lovendringane var urimelege etter EMK første tilleggsprotokoll artikkel 1.	
22/3218	Prosessreglar. Anke og gjenopptaking. Ankefrist. EØS. I ankesak TRR-2017-919 blei vedtak om gjeldsoppgjer ved stønad til bil stadfesta. Medlemmen hadde flytta til eit EØS-land, og tidlegare rett var einig med Nav i at vilkåra for gjeldsoppgjer var oppfylte. Orskurden blei avsagd i januar 2018, og det blei sett fram krav om gjenopptaking i november 2019 under tilvising til at forholdet til EØS-retten ikkje var teke omsyn til eller nemnt i orskurden. Retten blei sett med fem medlemmer med tanke på om ei «kvalifisert endring av rettsstilstanden» er eit sjølvstendig grunnlag for gjenopptaking, eller om ei slik endring kan ha verknad for fristen for å krevje gjenopptaking. Ein samla rett kom til at det ikkje var grunnlag for å stille opp eit ulovfesta vilkår – kvalifisert endring av rettsstilstanden – i tillegg til dei lovfesta vilkåra i trygderettslova § 27. Når det gjaldt spørsmålet om i kva grad ei slik endring kan ha verknad for fristen til å krevje gjenopptaking, delte retten seg i eit	Avvising

	fleirtal og eit mindretal. Fleirtalet kom til at fristen for å krevje gjenopptaking basert på trygderettslova § 27 (2) bokstav b om uforsvarleg rettsbruk og uforsvarleg skjønnsutøving går frå ein blei underretta om orskurden. Når det gjaldt spørsmålet om «særlege grunner», kom fleirtalet til at ein høgsterettsdom eller ein dom frå EFTA-domstolen etter omstenda, og dersom det er årsakssamanheng mellom dommen og fristbrotet, kan reknast som ein særleg grunn. I tråd med vurderingane til fleirtalet var det klart at fristen for å krevje gjenopptaking var broten. Det låg ikkje føre nokon avgjerder frå Høgsterett eller EFTA-domstolen på det aktuelle området, og andre grunnar var ikkje hevda. Kravet blei avvist fordi det var sett fram for seint.	
22/3443	Renter ved etterbetaling. Tolking av folketrygdlova § 22-14 fjerde ledd. Folketrygdlova § 22-17 heimlar rett til renter ved etterbetaling i tre alternative situasjonar, mellom anna når etterbetaling skjer «i medhold av» § 22-14 fjerde ledd. Retten blei sett med fem medlemmer for å avklare sprik i praksisen til Trygderetten ved tolkinga av den sistnemnde føresegna. Retten meinte at § 22-14 fjerde ledd er ei føresegn om verknadstidspunkt, og viste til at det har røter i ftrl. av 1966 § 15-2 nr. 2, som heilt klart var ei føresegn om etterbetaling. Det blei seinare ført vidare til § 14-9 femte ledd med ein noko justert ordlyd. Det gjekk fram av forarbeida til § 14-9 femte ledd at det ikkje var meininga å gjere noka realitetsendring i forhold til § 15-2 nr. 2. I samband med at ftrl. av 1997 erstatta ftrl. av 1966, fekk føresegna i dåverande § 14-9 femte ledd den noverande plasseringa i § 22-14 fjerde ledd. Det går fram av Ot.prp. nr. 29 (1995–1996) at § 22-14 fjerde ledd var ei vidareføring av § 14-9 femte ledd. Retten meinte derfor at føresegna i § 22-14 fjerde ledd heile vegen har vore ei føresegn som gir rett til etterbetaling. Retten viste til at denne forståinga også har støtte i HR-2002-508, som uttaler at § 22-14 fjerde ledd heimlar rett til etterbetaling. Vidare meinte retten at § 22-14 fjerde ledd berre kjem til bruk utanfor den ordinære klage- og ankeprosessen, og han fann klare haldepunkt for dette i ordlyden i lova, jf. formuleringa «skal ytelsen gis fra det tidspunktet den skulle vært gitt hvis kravet var blitt godtatt første gang det ble framsatt», og i Ot.prp. nr. 17 (1965–1966) side 102, der det går fram at føresegna som svarer til nogjeldande § 22-14 fjerde ledd var meint å fylle eit tomrom, dvs. tidsperiodar då medlemmen elles ikkje ville fått noka etterbetaling. Retten meinte derfor at dersom etterbetalinga skjer etter dei ordinære reglane i § 22-13, er ein utanfor § 22-14 fjerde ledd. I den aktuelle ankesaka skjedde	Stadfesting

	etterbetalinga etter dei ordinære reglane i § 22-13. Renter kunne dermed ikkje tilkjennast.	
22/1424	Uføretrygd. Verknadstidspunkt. Tiltaksvilkåret. Medlemmen var utsett for ei trafikkulykke i 2014 og fekk som følge av dette eit komplisert beinbrot som blei operert. Ho fekk ein nerveskade og utvikla ein kronisk smertetilstand. Medlemmen hadde vore i to arbeidsretta tiltak, eitt i 2017 og eitt i 2020. Spørsmålet i saka var om verknadstidspunktet skulle setjast til før siste tiltak. I denne vurderinga var det avgjerande når vilkåra i folketrygdlova § 12-5 skal reknast som oppfylte. Retten delte seg i eit fleirtal og eit mindretal når det gjaldt tolkinga av § 12-5. Eit fleirtal på tre rettsmedlemmer vurderte at vilkåra i § 12-5 først kan reknast som oppfylte når medlemmen er ferdig avklart, slik at endeleg uføreggrad kan fastsetjast. Eit mindretal på to rettsmedlemmer meinte at § 12-5 må tolkast i lys av vilkåra i folketrygdlova §§ 12-6 og 12-7, slik at rett til uføretrygd oppstår når inntektsevna på grunn av varig sjukdom er varig nedsett i stønadspåverkande grad. I den konkrete vurderinga meinte fleirtalet at medlemmen først oppfylte vilkåra for rett til uføretrygd då sluttrapporten frå siste arbeidsretta tiltak låg føre. Verknadstidspunktet var, slik fleirtalet vurderte det, då korrekt sett til månaden etter at sluttrapporten låg føre.	22/1424
22/2535	Stønad til tilhengjar til bil – spørsmål om heimel for stønad Den ankande parten hadde fått avslått kravet sitt om å få tilhengjar til bil for å kunne frakte med seg hjelpemiddel ho var tildelt. Ein einstemmig rett kom til at anken ikkje kunne føre fram, men delte seg i eit fleirtal og eit mindretal i grunngivinga. Fire rettsmedlemmer meinte det samla rettskjeldebiletet, medrekna lagmannsrettspraksis, trygderetts- og forvaltingspraksis og fråsegner i rundskrivet frå Nav, støtta ei utvidande tolking av bilstønadsforskrifta § 11 slik at det var rettsleg grunnlag for å kunne innvilge tilhengjar. Desse rettsmedlemmene kom likevel til at den ankande parten ikkje oppfylte vilkåra i føresegna. Éin rettsmedlem grunngav resultatet med at regelverket ikkje opna for å godkjenne tilhengjaren, og såg bort frå etablert forvaltings- og trygderettspraksis fordi tilhengjaren ikkje høyrde inn under ordlyden i bilstønadsforskrifta § 11 og praksisen hadde svak forankring i lovgivinga.	Stadfesting
23/2294	Yrkessjukdom. Vaksine. Seinverknader. Covid-19. Årsakssamanheng. Den ankande parten sette fram krav om godkjenning av seinverknader i form av hovudverk, utmatting, kvalme, minne- og konsentrasjonsvanskar som yrkessjukdom etter vaksinerings med	Stadfesting

	covid-19-vaksinen Vaxzevria frå AstraZeneca. Spørsmålet var om dei seinverknadene som blei hevda, kunne reknast som eit karakteristisk sjukdomsbilete i samsvar med det vaksinasjonen kunne framkalle, jf. folketrygdlova § 13-4 (1) bokstav a. Som i HR-2022-2178-A la retten til grunn at det var epidemiologiske studiar som var det aktuelle alternativet som kunne dokumentere at folketrygdlova § 13-4 (2) bokstav a var oppfylt i den aktuelle saka. Retten viste til at sjukdomsbiletet må vere dokumentert som ein jamleg verknad av vaksinasjonen. Det må først bevis for at det ut frå anerkjend medisinsk kunnskap er ein sannsynleg samanheng – ein mogleg samanheng er ikkje tilstrekkeleg. Enkeltstående studiar og publikasjonar som viser ein mogleg samanheng, er derfor ikkje nok for å kunne konkludere med at sjukdomsbiletet er karakteristisk. Det er samtidig ikkje krav om ein klar og uomtvista samanheng mellom vaksinasjonen og sjukdomsbiletet. Slik retten oppfattar det, viste gjennomgangen av forkinga at dagens medisinske kunnskap ikkje gav tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere med at det er sannsynsovervekt for ein generell samanheng mellom vaksininga og det sjukdomsbiletet som blei hevda. Sjølv om nokre rapportar og enkeltstående studiar tilsa ein mogleg samanheng, var det ikkje tilstrekkeleg medisinsk belegg for å kunne rekne sjukdomsbiletet som karakteristisk og i samsvar med det som den aktuelle vaksinen kunne framkalle, jf. ftrl. § 13-4 (2) bokstav a. Retten kommenterte avslutningsvis at forking på seinverknader etter koronavaksining er i stadig utvikling. Sjølv om dagens anerkjende medisinske kunnskap ikkje tilsa ein sannsynleg generell samanheng, kunne ein ikkje sjå vekk frå at seinare forking vil kunne endre dette biletet.	
--	---	--

7.2 Avsagde tremedlemsorskurdar i 2024

Ankesak	Skildring	Resultat
23/2231	Reduksjon av alderspensjon i samband med opphald på institusjon Ein mann hadde fått redusert alderspensjonen sin mens han var lagd inn for rusbehandling ved ein institusjon, jf. folketrygdlova § 19-21. Spørsmålet i saka var om pensjonen skulle reduserast for dagar der han var heime på permisjon/treningsopphald. Retten tok utgangspunkt i at å redusere alderspensjonen var eit inngrep som etter legalitetsprinsippet måtte ha tilstrekkeleg klar heimel i lov. Ein samla rett meinte også at den mest naturlege forståinga av ordlyden i folketrygdlova § 19-21 første ledd var at pensjonen berre skulle	Omgjering

	reduserast når medlemmen fysisk oppheldt seg på institusjonen. Fleirtalet meinte at det ikkje var god nok støtte i rettskjeldene for å komme til ei anna løysing. Vurderinga til mindretalet var at § 19-21 første ledd gav heimel til reduksjon så lenge medlemmen formelt sett var lagd inn på institusjonen, og at faktisk fråvær var utan verknad. Ei slik lovforståing kunne føre til ein så stor reduksjon av ein aktiv pensjon at ein ikkje kunne sjå vekk frå at det ville stride mot eigedomsvernet som er felt ned i EMK P1-1, noko som ikkje var drøfta av partane. Mindretalet meinte at det anka vedtaket måtte opphevast, og at saka måtte visast vidare til ny behandling ettersom det ikkje var forsvarleg å ta endeleg stilling til spørsmålet om P1-1 utan at partane var høyrde. Det anka vedtaket blei gjort om i tråd med fleirtalsvotumet, slik at pensjonen ikkje blei redusert for dei dagane mannen ikkje oppheldt seg fysisk på institusjonen.	
23/2886	Rundskriv frå Nav om godtgjering av inntektstap for rett til sjukepengar Saka blei sett med tre medlemmer då retten vurderte å fråvike rundskrivet frå Nav om folketrygdlova § 8-47 femte ledd om at sjukmelde med innvilga dagpengar med forlengd ventetid blei unnatekne frå retten til sjukepengar. Etter at partane blei orienterte om at retten var sett med tre medlemmer, opplyste ankemotparten at dei var einige i at rundskrivet ikkje hadde dekning i ordlyden. Retten kommenterte likevel at ordlyden i § 8-47 femte ledd ikkje opna for heilt å halde ei konkret gruppe utanfor retten til sjukepengar. Retten gjekk kort gjennom lovhistorikken og kommenterte at det var støtte i forarbeid, tidlegare lov og tidlegare forskrift for at det var relevant å leggje vekt på «selvforskyldt» arbeidsløyse i vurderinga av om det var godtgjort inntektstap. Når det gjaldt den nærmare forståinga av føreseigna og kva som kan krevjast for å godtgjere inntektstap, var det ikkje nødvendig for retten å ta stilling i den konkrete saka. Retten kom til at den ankande parten uansett hadde godtgjort inntektstap ved langvarig tilknytning til arbeidslivet og visse aktivitetar i tida mellom arbeidsløysa og sjukmeldingstidspunktet.	Omgjering
23/1482	Stønad til dekking av utgifter ved yrkesskade Den ankande parten fekk avslag på krav om stønad til å dekkje utgifter til Instanyl nasespray ved behandling av ein godkjend	Omgjering

	yrkesskade. Saka reiste spørsmål ved den sjølvstendige tydinga av folketrygdlova § 5-25 opp mot § 5-14. Retten la på same måten som Høgsterett i HR-2007-831-A til grunn at folketrygdlova § 5-25 skal ha ein sjølvstendig verknad med eit vidare dekningsnivå enn § 5-14, utover dekning av eigendel. Slik retten såg det, var det vanskeleg å harmonere dette utgangspunktet med korleis ankemotparten og Helsedirektoratet tolka nødvendig-vilkåret i § 5-25, som syntest å liggje svært tett opptil vilkåra som følgjer av § 5-14 med forskrift og retningslinjer. Det måtte, slik retten såg det, gjerast ei meir konkret og individuell, og mindre skjematisk, vurdering av om nødvendig-vilkåret i § 5-25 var oppfylt. I den konkrete vurderinga la retten vesentleg vekt på fråsegner frå den behandlande nevrologen til den ankande parten. Den ankande parten hadde vore gjennom ei omfattande utprøving av andre legemiddel og stod att med det aktuelle legemiddelet som einaste alternativ for lindring av invalidiserande smerter.	
23/2388	Sakskostnader etter trygderettslova § 29 ved tilvisingsorskurd Ankemotparten hadde lagt ned påstand om at anken skulle avvisast, utan å leggje ned nokon subsidiær påstand. Retten kom til at anken ikkje skulle avvisast, og viste derfor saka tilbake til Nav klageinstans for ankeførebuing av dei materielle spørsmåla i saka. Dei prinsipielle spørsmåla i saka var om det å oppnå realitetsbehandling er nok til at resultatet kan seiast å vere til gunst for den ankande parten, slik at parten kan tilkjennast sakskostnader etter trygderettslova § 29. Retten kom einstemmig til at det er krav om at medlemmen vinn fram i dei materielle spørsmåla i saka for at orskurden kan reknast for å vere til gunst for parten. Retten la avgjerande vekt på ei fråsegn i forarbeida som føresette dette. Fordi retten ikkje kunne prøve dei materielle spørsmåla i saka, kunne heller ikkje orskurden reknast for å vere til gunst for den ankande parten. Ho fekk derfor ikkje medhald i påstanden om sakskostnader.	Ikkje tilkjend
23/2916	Dagpengar ved permittering – sesongarbeid Saka gjaldt rett til dagpengar for ein asfaltarbeidar som i fleire år jobba i mellombelse stillingar i asfaltsesongen, før han så blei fast tilsett hos same arbeidsgivar, og deretter permittert i samband med vinterlege forhold som hindra asfaltarbeid. Nav klageinstans hadde oppmoda om at saka blei behandla som ei prøvesak.	Stadfesting

	Retten var enig i at Nav etter forholda kunne fråvike hovudregelen i dagpengeforskrifta § 6-1 om å byggje på at partane var einige om at vilkåra for dagpengar var oppfylte, og gjere ei sjølvstendig prøving. Retten forstod HR-2014-656-A slik at det heller ikkje for sesongarbeid kunne stillast opp eit tilleggskrav om at arbeidsmangelen måtte vere uventa. Arbeidsgivaren har likevel ei tilpassingsplikt, og ved marknadssvikt på grunn av sesongvariasjonar har arbeidsgivaren særleg godt høve til å påverke forholda gjennom organisering av verksemda. Det var samansette årsaker til permitteringa, og mellom anna spelte også mindre generell etterspurnad etter asfalt inn. Med vekt på at den generelle nedgangen var relativt beskjeden, samanhalde med nærmast totalt bortfall av oppdrag ved sesongslutt, som igjen fall saman med tidsperioden då den tilsette tidlegare hadde slutta for sesongen, verka sesongbasert arbeidsmangel som det sentrale forholdet som løyste ut permittering. Ved den konkrete vurderinga kom retten til at arbeidsgivaren burde ha vurdert eit betre balanseforhold mellom faste tilsetjingsforhold, stillingsprosent og/eller ordningar der arbeidstid i høgsesong blir avspasert i lågsesong.	
22/3827	Etterbetaling av arbeidsavklaringspengar etter å ha fått tiltakspengar Den ankande parten blei innvilga arbeidsavklaringspengar utover fire år og hadde fått tiltakspengar i heile etterbetalingsperioden. Ho hadde ikkje rett på begge ytingane for det same tidsrommet, og Nav omposterte allereie utbetalte tiltakspengar frå skattefrie tiltakspengar til arbeidsavklaringspengar som den ankande parten måtte skatte av. Twistetemaet i saka var om tidlegare utbetalte tiltakspengar skulle konverterast/omposterast til arbeidsavklaringspengar, slik at det ved etterfølgjande innvilging av arbeidsavklaringspengar for det same tidsrommet skulle skje ein refusjon av allereie utbetalte tiltakspengar med den verknaden at utbetalingane samla sett blei rekna som arbeidsavklaringspengar. Etter ei heilskapleg vurdering av rettskjeldebiletet kom retten til at folketrygdlova § 22-8 sjette ledd ikkje heimla tilgang til å gjere ei konvertering/ompostering av allereie utbetalte tiltakspengar når det seinare viste seg at medlemmen hadde rett på arbeidsavklaringspengar for den same perioden. Ved vurderinga la retten avgjerande vekt på ordlyden i folketrygdlova § 22-8 sjette ledd. Etterbetalinga av arbeidsavklaringspengane var dermed ikkje gjort korrekt, og det anka vedtaket blei gjort om.	Omgjering

22/2763	Avslutning av medlemskap i folketrygda Spørsmålet i saka var om den ankande parten var pliktig medlem, subsidiært frivillig medlem i folketrygda. Han dreiv eige selskap og arbeidde i hovudsak i utlandet. Saka gjaldt forståinga av § 2-14 fjerde ledd om avslutning av pliktig medlemskap når ein arbeider i utlandet, medrekna unntaksføresegna i fjerde ledd siste punktum: «Dette gjelder ikke når vedkommende midlertidig arbeider i utlandet for lønn eller annen godtgjørelse som arbeidsgiveren plikter å betale arbeidsgiveravgift av etter § 23-2.» I orskurden TRR-2017-565 meinte retten at ordlyden ikkje stiller opp noko krav om å vere i Noreg mesteparten av fritida si, mens rundskriv og praksis frå Nav seier noko anna. Orskurden er ikkje følgd opp av Nav. Etter at partane blei varsla om at saka blei sett med utvida rett og ville bli behandla i eit rettsmøte, gjorde Nav klageinstans om det anka vedtaket, og den ankande parten trekte anken. Ankesaka blei heva utan realitetsbehandling.	Ankesaka blei heva
---------	--	--------------------

7.3 Statistikk 2015–2024

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på mottekne ankesaker	4 283	3 538	3 933	3 908	4 600	4 151	4 663	3 934	3 108	3 861
Talet på behandla ankesaker	3 597	3 606	3 261	4 146	4 166	3 304	3 415	4 114	5 149	4 918
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar	150	208	231	234	218	246	356	414	398	211
Fullt grunngitte orskurdar (%)	79	81	79	70	75	77	80	84	66	56
Heil/delvis omgjeriing (%)	14	12	11	11	13	14	13	15	14	11
Oppheva og vist vidare (%)	9	9	10	8	8	8	6	6	4	5
Gunstprosent	23	20	20	21	21	22	22	21	18	17
Talet på ubehandla ankesaker	2 094	2 035	2 709	2 471	2 905	3 752	4 826	4 646	2 505	1 448
Saker behandla innan 6 md. (%)	70	33	16	25	37	32	20	11	10	45
Talet på saker som blei avgjorde seinare enn 9 md.	72	621	1 000	2 124	1 560	1 577	2 538	3 509	4 338	1 322
Talet på saker som blei avgjorde seinare enn 12 md.	2	49	41	340	135	624	2 245	3 254	3 413	465
Talet på saker som er avgjorde med munnleg behandling	–	2	–	–	–	–	–	1	1	0
Taket på saker som er avgjorde med 5 medlemmer	–	2	9	3	3	3	15	3	3	9
Talet på saker som er avgjorde med 3 medlemmer			9	0	3	0	2	1	8	7

TALET PÅ SAKER PER ANKEMOTPART	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Navs klageinstans	3 894	3 016	3 595	3 589	4 317	3 775	4 313	3 614	2 862	3 603
Helfo/Helseklage	48	43	22	52	55	131	67	41	42	38
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	99	79	100	94	52	51	39	24	48	48

Statens pensjonskasse (SPK)	226	368	185	166	148	117	129	103	129	154
Andre	16	32	31	7	28	77	115	152	27	18
SUM	4 283	3 538	3 933	3 908	4 600	4 151	4 663	3 934	3 108	3 861

TALET PÅ SAKER PER SAKSTYPE	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Dagpengar	208	196	200	148	149	114	129	204	185	222
Sjukepengar	344	267	486	475	458	284	475	371	290	687
Arbeidsavklaringspengar	657	523	558	605	774	898	676	446	225	218
Yt. under ftrl. kap. 10	223	170	175	97	52	70	71	69	60	57
Grunn- og hjelpestønad	144	126	84	128	93	45	43	54	72	109
Einsleg forsørgjar	80	64	74	112	84	63	31	45	41	36
Pensjonsutrekning	196	94	72	62	21	14	26	10	10	13
Statens pensjonskasse								104	91	95
Yrkesskadar	327	235	252	257	227	347	594	329	263	347
Uføreyingar	703	484	750	872	1 296	1 123	1 379	1 180	924	1030
Forvaltingsmessige føresegner								270	206	248
Barnetrygd								28	36	45
Saker etter trygderettslova								315	380	456
Svangerskap, fødsel, adopsjon								126	67	41
Stønad ved helsetenester								39	36	15
Medlemskap								58	40	33
Anna	1 401	1 379	1 282	1 152	1 446	1 193	1 239	286	182	209
SUM	4 283	3 538	3 933	3 908	4 600	4 151	4 663	3 934	3 108	3 108

7.4 Tilstandsrapportering om aktivitets- og utgreiingsplikta

Per 31.12.2024		Kjønnsbalanse			Lønn (gjennomsnitt per år i 1000 kr)		Lønna til kvinner i prosent av lønna til menn
		M %	K %	Total (N)	M	K	
Totalt i verksemda	2024	40	60	67	893	911	102
	2023	38	62	78	978	837	86
Toppleiar	2024	0	100	1	0	1466	100
	2023	0	100	1	0	1396	100
Mellomleiar (avdelingsleiar, avdelingsdirektør)	2024	20	80	5	1 327	1316	99
	2023	60	40	6	1082	1158	107
Alternativ karriereveg-stillingar (rettsmedlemmer, dommarar)	2024	50	50	40	1177	1177	100
	2023	50	50	40	1 127	1127	100
Saksbehandlarar	2024	25	75	4	725	676	93
	2023	40	60	4	620	579	93
Konsulentar/sekretærar – adm.	2024	40	60	5	614	607	99
	2023	18	82	11	509	509	100
Lærlingar	2024	0	0	0			
	2023	0	0	0			
Slutta	2024	23	77	13			
	2023	27	73	11			
Nyrekrutterte	2024	50	50	4			
	2023	25	75	8			
Deltidstilsette – studentar	2024	0	100	3		507	
	2023	0	100	0			
Mellombels tilsette – fullmektigar	2024	20	80	15	622	632	101
	2023	19	82	16	547	547	100

Foreldrepermisjon (fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon)	2024	40	60	5			
	2023	100	0	1			
Gjennomsnittleg tal på veker foreldrepermisjon for kvinner og menn	2024	30	70	99			
	2023	100	0	22			
Legemeldt sjukefråvær (%)	2024	2,0	4,2	3,4			
	2023	2,0	4,9	4,1			

Merknad til tabellen: I kategorien mellomleiarar ligg underdirektørar og avdelingsdirektørar. Under saksbehandlarar ligg rådgivarar og seniorrådgivarar. Under alternativ karriereveg ligg rettsmedlemmer. Under konsulentar ligg førstekonsulentar og seniorkonsulentar.

Trygderetten har ikkje identifisert utfordringar med likestilling som det er grunnlag for å setje i verk tiltak mot. Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal bli behandla likt uavhengig av kjønn.

Av dei tilsette i Trygderetten er 62 prosent kvinner og 38 prosent menn. Innanfor dei ulike stillingskategoriane har samansetnaden vore meir eller mindre den same dei seinare åra.

Dei tilsette som arbeider deltid, er i hovudsak kvinner. Deltid er i hovudsak frivillig eller eit tiltak i samband med redusert arbeidsevne.

Generelt er lønnsnivået innanfor dei ulike stillingskategoriane det same for kvinner og menn, og alle har same arbeidstid.

Trygderetten skil seg frå dei fleste statlege verksemder ved at dei to største stillingsgruppene, rettsmedlemmene og rettsfullmektigane, har lik lønn. Dette er eit prinsipp på linje med lønnsfastsetjinga i dei alminnelege domstolane. Rettsfullmektigane (åremål) har ein lønnsstige med ansiennitet (etter kvar ein er i åremålet) som kriterium for lønns plassering.

For dei andre stillingsgruppene er det ikkje avdekt lønnsforskjellar som er baserte på kjønn. Blant saksbehandlarane våre og dei kontortilsette er det ein stor del kvinner. Desse stillingsgruppene har hatt ei jamn lønnsutvikling dei seinare åra.

Når det gjeld permisjonar, er det nedfelt i tilpassingsavtalen vår at begge kjønn skal ha like moglegheiter til å kombinere omsorgsplikter og yrkesliv.

Trygderetten har seks leiarstillingar: leiaren av Trygderetten, fire avdelingsleiarar og éin avdelingsdirektør (leiar for administrasjonsavdelinga). Med unntak av stillinga som avdelingsdirektør skjer tilsetjinga av leiarane i statsråd. Leiar, avdelingsleiarar og avdelingsdirektør utgjer leiargruppa i Trygderetten, og i denne gruppa er det fem kvinner og éin mann. I tillegg har vi ei stilling som fagdirektør, som er underlagd leiaren av Trygderetten, og ein arkivleiar, som er underlagd avdelingsdirektøren. Begge desse er menn.

I tilpassingsavtalen for verksemda om medrårderett er det nedfelt at «uansett kjønn skal arbeidsoppaver fordeles slik at alle ansatte får like muligheter til å kvalifisere seg for avansement til ledende stillinger».

Alle tilsette får høve til å delta på kurs / faglege seminar. Vi har systematisk opplæring av nytilsette, og vi tilbyr deltaking på kurs/seminar som er relevante for den enkelte sitt arbeidsområde.

I IA-arbeidet vårt har vi sett som delmål at vi skal behalde medarbeidarar med redusert funksjonsevne heilt eller delvis fram til ordinær pensjonsalder, ved mellom anna å tilby tilrettelegging av det fysiske arbeidsmiljøet. Trygderetten har som mål å ha ein høg gjennomsnittleg pensjonsalder.

Alle medarbeidarar får høve til å ha heimekontor i samsvar med dei gjeldande retningslinjene for Trygderetten, og vi har ei positiv haldning til å tilby moglegheit for graderte stillingar.

Trygderetten har ikkje sett konkrete mål for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn, høl i CV-en eller nedsett funksjonsevne. Dersom det er søkjarar på ledige stillingar med slik bakgrunn, blir alltid minst éin av søkjarane kalla inn til intervju. For embetet som rettsmedlem (dommar) og stillinga som rettsfullmektig er det eit lovkrav at stillingane blir fylte av personar med norsk statsborgarskap.



8 Melding frå Riksrevisjonen



Riksrevisjonen

TRYGDERETTEN

Org. Nr.: 974761084

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Trygderetten for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2024. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, virksomhetsregnskap og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 122 078 835 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav,
- gir oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2024 og kapitalposter per 31. desember 2024, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, og
- gir oppstilling av virksomhetsregnskapet et dekkende bilde av virksomhetens resultater for 2024 og av eiendeler, gjeld og statens kapital per 31. desember 2024, i samsvar med statlige regnskapsstandarder (SRS).

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til lov, instruks og disse standardene er beskrevet nedenfor under Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAIs etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsrapporten. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarer (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene (SRS). Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på bevilgningsreglementet, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på bevilgningsreglementet.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene (SRS).

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer det overordnede departementet om funn og svakheter.

Oslo, 16. mai 2025

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Usman Asif
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.

Slik set du inn eit bilete:

1 Set peikaren her.

2 På fana «Set inn» vel du bilete.

3 Finn fram til biletet du ønskjer å setje inn.

4 Dra biletet slik at det fyller heile boksen.

5 Juster utsnittet på «Biletformat»-fana > Beskjer.



Trygderetten

Postadresse

Postboks 4724 Nydalen
0421 Oslo

Besøksadresse

Sandakerveien 130
0484 Oslo

Kontakt

post@trygderetten.no
Sentralbord: 23 15 95 59

Org.nr.

974 761 084